

2019-2030

Kommuneplanen sin arealdel

Planomtale og føresegner

Vedteken av Luster kommunestyre 13.06.2019

K-sak 36/2019

Plan ID 1426-2018006

Innholdsoversikt

Føreord 5

Saksprotokoll	6
DEL I PLANOMTALE	7
1. Bakgrunn og ytre rammer	7
1.1 Bakgrunn	7
2. Lovgrunnlag.....	8
3. Rettsverknad av kommuneplanen sin arealdel (PLBL §11-6).....	9
4. Planprosess	10
5. Planomtale	12
5.1 Bakgrunn	12
5.2 Plan 2018.....	12
5.3 Strategiar, fokusområde og målsetjingar for ny plan.....	12
5.4 Gjennomgåande tema	15
6. Busetjingsmønster og folketalsutvikling. Utviklingstrekk	15
7. Oppsummering - hovudtrekk i revidert plan 2018-2029:	16
8. Arealføremål – jf. PLBL § 11-7	17
8.1 Bygningar og anlegg (§ 11-7 nr 1).....	17
8.1.1 Bustader	17
8.1.2 Naust	25
8.1.3 Sentrumsføremål.....	26
8.1.4 Offentleg eller privat tenesteyting.....	27
8.1.5 Fritids- og turistføremål.....	28
8.1.6 Råstoffutvinning	30
8.1.7 Næringsareal	30
8.1.8 Idrettsanlegg.....	32
8.1.9 Masselager og massedepot.....	32
9. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§11-7 nr 2).....	32
9.1 Oppfylgning «Stadanalyse Gaupne»: Trafikkale løysingar og arealutnytting	33
9.2 Parkering Solvorn	33
10. Grønstruktur (PLBL§ 11-7 nr 3)	34
10.1 Friområde	35
10.2 Strandsona langs fjorden.....	35
10.3 Område utlagt i 2015.....	36
10.4 Landbruk- natur- og friluftsområde. LNF-R (§11-7 nr 5)	37
10.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag og tilhøyrande strandsone (§11-7 nr 6)	38

10.5.1	Småbåthamner	38
10.5.2	Område for fiske.....	38
10.5.3	Friluftsområde i sjø.....	38
10.6	Omsynssoner	39
DEL II JURIDISK BINDANDE DEL		41
11.	Føresegner	41
11.1	Generelle føresegner. PLBL § 11-9	41
11.1.1	Krav om reguleringsplan.....	41
11.1.2	Rekkefølgekrav.	41
11.1.3	Byggegrense langs vassdrag	41
11.1.4	Byggegrense for nye område i strandsona.....	42
11.1.5	Skilt- og reklameinnretningar	42
11.1.6	Mellombels og flyttbare konstruksjonar og anlegg.....	42
11.1.1	Kvikkleire	42
11.1.7	Universell utforming.....	42
11.1.8	Utbyggingsavtalar	42
11.1.9	Gjeldande reguleringsplanar	42
11.1.10	Byggegrenser langs høgspenlinjer	43
11.1.11	Avkøyrslar og byggegrenser langs riks- og fylkesvegar	43
11.2	Bygningar og anlegg jf. PLBL § 11-7 nr. 1 og nr 5	43
11.2.1	Bygningar og anlegg.	43
11.2.2	Bustader	43
11.2.3	Fritidsbustader og naust.....	44
11.2.4	Sentrumsføremål.....	45
11.2.5	Offentleg eller privat tenesteyting	45
11.2.6	Fritids- og turistføremål.....	46
11.2.7	Råstoffutvinning.	46
11.2.8	Næringsområde.....	46
11.2.9	Idrettsanlegg.....	46
11.2.10	Andre typar bygg og anlegg.....	46
11.3	Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur - PLBL § 11-7 nr.2.....	46
11.3.1	Avkøyringar til nye byggeområde.....	47
11.4	Landbruks- natur- og friluftsområde. (§ 11-7 nr. 5)	47
11.4.1	Føremålet gjeld landbruks- natur og friluftsområde.....	47
11.4.2	Byggegrense i strandsona for tiltak i landbruket	47
11.4.3	Bygningar i stølsområde.....	47

11.4.4	Ytre Eikum, LNF-spreidd utbygging fritidsbustader	47
11.4.5	Dulsethaugen – stølsområde.....	47
11.4.6	LNF – areal for spreidd bustadbygging.....	48
11.4.7	LNF – areal for spreidd hyttebygging	48
11.5	Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (§ 11-7 nr. 6).....	48
11.5.1	Småbåthamn	48
11.5.2	Ferdsl og farleier.....	49
11.5.3	Friluftsområde i sjø.....	49
11.5.4	Fiske /lås plassar.....	49
11.6	Omsynssone skred- og flaumfare.....	49
11.6.1	Fareområde for skred H310	49
11.6.2	Aktsemdsområde for skred H310.....	49
11.6.3	Fareområde flaum H320.....	49
11.7	Omsynssoner PLBL § 11-8 a, c og f.....	50
11.7.1	Omsynssone: sikring-, støy- og faresoner (§11-8a).....	50
11.7.2	Omsynssone med særlege omsyn (§11-8c).....	50
11.7.3	Omsynssone - bandlegging etter PLBL eller anna lovverk (§ 11-8d)	52
11.7.4	Sone for vidareføring av reguleringsplan (§11-8f)	53
DEL III	RETNINGSLINJER	64
12.	Retningslinjer	64
12.1	Omsynssoner – retningslinjer jf. PLBL § 11-8, c	64
12.1.1	Omsynssone villrein H520	64
12.1.2	Omsynssone friluftsliv H530.....	64
12.1.3	Omsynssone kulturminne og kulturmiljø. H570.....	64
12.2	Vassmiljø.....	66
12.3	Retningslinjer for handsaming av dispensasjonssøknader i LNF-område.....	66
12.4	Krav til dokumentasjon i søknad:	67
12.5	Ålmenne interesser	67
12.6	Kulturminne og kulturmiljø. PLBL §11-9 nr.7. Kulturminnelova	67
13.	Oppfylgjande planoppgåver	68
Vedlegg:	Oversikt utbyggingsområde i revidert plan 2018 - 2029	70

Føreord



Kommuneplanen sin arealdel (KPA) 2019 - 2030 for Luster kommune vart vedteken i kommunestyremøte 13.06.2019 som K-sak 13/19.

Planen trekkjer opp rammene for arealforvaltinga i Luster kommune dei neste 12 åra og er såleis ei stor og viktig sak for kommunestyret. Luster kommune har som målsetjing å tilby areal for bustadbygging i alle bygdelag, nye område for dette føremålet har vore prioritert i planen.

Ordføraren vil framheva at det har vore ein positiv og god prosess med planarbeidet. Bygdemøta hausten 2017 i alle bygdelaga var viktige i dialogen mellom kommunen (politikarar/ administrasjon) og bygdefolket. Her kom det fram mange gode og konstruktive innspel og synspunkt som er lagde til grunn for planen. Merknadene som kom inn i samband med høyringa var også viktige i kommunestyret si handsaming av saka. Kommunestyret hadde også temadag på arealdelen januar 2018 der det var grundige drøftingar knytt til bustadutvikling og tettstad/sentrumsplanlegging.

Som ordførar vil eg prioritere å halda fram med denne forma for møte for å få fram forslag, synspunkt og gjennom det medverknad på viktige oppgåver i kommunen.

Med bakgrunn i arbeid og prosess som er gjennomført vonar eg at innbyggjarane i Luster får eigarskap til planen, og at den vert brukt aktivt i arbeidet for å vidareutvikla kommunen. Kommunen vil nytta planen ved handsaming av søknader og kommande utbyggingstiltak.

Planen vert fylgt opp av kommunestyret ved årleg revisjon av planleggingsprogrammet og økonomiplanen. Prioriteringar av nye utbyggingsoppgåver som kommunen har ansvar for vert gjort her t.d. gjeld dette tilrettelegging av nye kommunale bustadfelt. Men det er også viktig at private følgjer opp utvikling av sine område som er kome med i planen.

Luster 17.06.2019

Ivar Kvalen
ordførar

Saksprotokoll

Formannskapet og næringsutvalet 06.06.2019

Sak: 68/19

Tittel: Saksprotokoll - Kommuneplanen sin arealdel 2018 - 2029 - 2. gongs offentlig ettersyn - 4. handsaming

Arkivsak: 17/3690

Behandling:

Formannskapet drøfta planføresetnadane for bustadbygging Marifjøra og Gaupne.

Formannskapet tilrår at småbåthamn vert lagt til Neset.

Rådmannen si tilråding, med endra lokalisering av småbåthamn i Solvorn til Neset, vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

I samsvar med reglane i § 11-15 i plan- og bygningslova, vedtek Luster kommunestyre arealdel av kommuneplanen for perioden 2019 – 2030.

Småbåthamn i Solvorn vert lokalisert til Neset.

Arealdelen vert datert 13.06.2019.

DEL I PLANOMTALE

1. Bakgrunn og ytre rammer

1.1 Bakgrunn

Dette er ein hovudrevisjon av kommuneplanen sin arealdel, vedteken 05.03.2015 i K-sak 13/15.

Nytt kommunestyre skal innan 1 år etter konstituering gjera ei vurdering av eksisterande plan, og vedta ein planstrategi for eventuelle planendringar.

Ny /revidert plan har fylgjande hovuddokument og tidshorisont:

Plan	Tidshorisont	Dato vedtak	Sak
Planstrategi	2012 – 2016	16.06.2016	K-sak 16/16
Samfunnsdel	2017 - 2029 (12 år)	14.12.2017	K-sak 48/13
Arealdel	2015 – 26 (12 år)	05.03.2016	K-sak 13/15
Kommunedelplanar	Sjå eige oversikt under		

Handlingsdel til KPS skal rullerast årleg. Føringar i samfunnsdelen er lagt til grunn for arealdelen.

Arealdelen har fylgjande dokument:

A. Tekstdokument:

1. Planomtale
2. Juridisk bindande føresegner
3. Retningslinjer
4. Vedlegg; Konsekvensutgreiingar og ROS-analyser for i alt 19 nye delområder

B. Kartløyising som er digital og nettbasert:

1. Plankart – juridisk bindande som viser arealbruken i kommunen
2. Juridisk bindande temakart med omsynssoener:
 - a. H310 Fareområde Skred i bratt terreng
 - b. H310 Aktsemdsområde for Snøskred og steinsprang
 - c. H310 Aktsemdsområde for Jord- og flaumskred
 - d. H320 Fareområde for flaum
 - e. H710 Bandlagd for regulering
 - f. H720 Bandlagd jfr Naturmangfaldslova
 - g. H730 Bandlagd jfr kulturminnelova
 - h. H740 Bandlagd jfr vassdrag- eller energilova
 - i. H910 område for vidareføring av reguleringsplanar
3. Temakart – ikkje juridisk bindande omsynssoener; friluftsliv, støy mm.

Kommunedelplanar jf. planstrategi


Kommunedelplanar som skal vidareførast / utarbeidast i planperioden:

Plan	Siste revidert / vedt	Ny / revisjon*	Stadfesting**
Kommuneplan – samfunnsdel	2013	2017	
Kommuneplan – arealdel	2015	2018	
Kommunedelplan – Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv	2016	2020	
Kommunedelplan – Kulturminne	2000	2016	
Kommunedelplan – Trafikktrygging	2015	2019	
Kommunedelplan – Avløp	2015		2019
Kommunedelplan – Vassforsyning	2011		2016
Kommunedelplan – Lokale kulturhus	2010	2016/17	2020
Kommunedelplan – Småkraftverk	2007		2017

* Planen vert gjennomgått og retta opp og ny handlingsplan vert utarbeidd


** Gjeldande plan vert vidareført. Dette vert stadfesta i kommuneplanen

Kommuneplanarbeidet – 4-års syklus :



Figur: 4 års syklus for kommuneplanarbeidet:

* her er me no



2. Lovgrunnlag

Kommunestyret er jf. §§ 11-5 til 11-11 Plan- og bygningslova tillagt mynde og ansvar for å utarbeida og vedta kommuneplan. Særskild for arealdelen gjeld.

PLBL §11-5 Kommuneplanens arealdel

Kommunen skal ha en arealplan for hele kommunen (kommuneplanens arealdel) som viser sammenhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Det kan utarbeides arealplaner for deler av kommunens område.

Kommuneplanens arealdel skal angi hovedtrekkene i arealdisponeringen og rammer og betingelser for hvilke nye tiltak og ny arealbruk som kan settes i verk, samt hvilke viktige hensyn som må ivaretas ved disponeringen av arealene.

Kommuneplanens arealdel skal omfatte plankart, bestemmelser og planbeskrivelse hvor det framgår hvordan nasjonale mål og retningslinjer, og overordnede planer for arealbruk, er ivaretatt.

Plankartet skal i nødvendig utstrekning vise hovedføremål og hensynssoner for bruk og vern av arealer.

Kommunen kan etter vurdering av eget behov detaljere kommuneplanens arealdel for hele eller deler av kommunens område med nærmere angitte underføremål for arealbruk, hensynssoner og bestemmelser, jf. §§ 11-7 til 11-11.»

Andre viktige lover som regulerer arealbruk er Jordlova, Naturmangfaldslova og Kulturminnelova.

3. Rettsverknad av kommuneplanen sin arealdel (PLBL §11-6)

Planomtalen er rettleiande, og kan ikkje brukast som heimelsgrunnlag for vedtak etter planen.

Planføresegner og plankart er juridisk bindande for arealbruk i kommunen.

Tilsaman utgjer dei den juridisk bindande delen av kommuneplanen sin arealdel. Lovgrunnlaget og den rettslege verknaden av kommuneplanen sin arealdel er omtalt i kapittel 2 og 3.

Plankartet og omsynssoner

Ein arealplan omfattar arealføremål, omsynssoner og juridiske linjer og punkt; jf. kart- og planforskrifta. Plankartet med omsynssoner skal i naudsynt utstrekning visa hovudføremåla for bruk og vern av areal. Det kan vere fleire omsynssoner som er gjeldande for same areal. Føresegnene utfyller og gjer greie for den fastlagde arealbruken og innhaldet i omsynssonene; jf. PLBL §§ 11-9 til 11-11. Plankartet med arealføremål og nokre opplista omsynssoner er juridisk bindande. Andre opplista omsynssoner er retningsgivande men ikkje juridisk bindande. Desse omsynssonene er opplista og omtalt i kapittel 13.

Omsynssoner – juridisk bindande:

- H110 Sikring av drikkevatt
- H290 Sikring mot støy
- H310 Faresone ras
- H320 Faresone flaum
- H350 Faresone eksplosjon og brann
- H360 Faresoner skytebane
- H710 Bandlagde område for regulering
- H720 Bandlagde område etter lov om naturvern/ naturmangfald
- H720 Verna vassdrag
- H730 Bandlagde område etter lov om kulturminner
- H740 Bandlagd område som er avsett som omsynssone jf. energilova og vassdragslova
- H910 Gjeldande reguleringsplan

Digitalt plankart

Luster kommune sine kart til KPA er digitale og er tilgjengelege på kommunen si heimeside www.luster.kommune.no gjennom kartløysinga www.kommunekart.com.

Retningslinjer og føringar i plandokumentet uttrykkjer kommunen sine ynskje for utviklinga i planperioden, og skal leggest til grunn i arealplanlegging og byggjesakshandsaming.

Omsynssoner – retningsgjevande – ikkje juridisk bindande:

- H520 Omsynssone villrein
- H530 Omsynssone friluftsliv
- H560 Omsynssone naturmiljø
- H570 Omsynssone kulturminne og kulturmiljø.

Ved strid mellom ulike arealplanar, gjeld den siste godkjende planen dersom ikkje anna er avklart i kommuneplanen. Reguleringsplanar som gjeld framfor kommuneplan er vist i kartet jf. PLBL § 11-8 f *Avvik frå føresegner og plankart må handsamast som dispensasjonssak.*

4. Planprosess

Innspel til planarbeidet og medverknad

Kommunen bad om innspel til planarbeidet i samband med arbeidet med planprogram. Kommunestyret gjorde 14.12.2017 i K-sak 68/17, vedtak om tiltak som skulle konsekvensutgreiast.

Innspelela skjedde gjennom desse aktivitetane:

1. Bygdemøte

I perioden planprogrammet var utlagt til offentleg ettersyn vart det gjennomført 8 bygdemøte; Gaupne, Indre Haslo, Hafslo, Solvorn, Veitasrond, Luster, Jostedalen, og Skjolden. I møta vart det informert om planarbeidet og føresetnader som var lagt til grunn. Fristen for innspel var den same som fristen for høyring av planprogrammet.

Innspelela vart vurderte og sorterte. Sentrale kriterier for siling av område:

- Er i samsvar med lokale føringar gjeve i samfunnsdelen eller andre sentrale politiske dokument som er handsama av Luster kommune (KPS)
- Er ikkje i sterk konflikt med viktige verneverdiar og overordna føringar
- Område som ligg i reguleringsplan må omregulerast

2. Samråd

Samråd er ei drøfting med regionale forvaltningsmynde om prinsipløysingar, for på eit tidleg tidspunkt avklara vanskelege saker. Dette vart gjennomført før rådmannen slutthandsama planprogrammet.

Luster kommune som planmynde skal (jf. PLBL §5-1) syrgja for ein open og brei medverknadsprosess. Ansvar for kommuneplanarbeidet er lagt til kommunestyret (jf. PLBP 9-1) og arbeidet er elles organisert slik:

Gruppe	Medlemer
Styringsgruppe/kommuneplannemnd	Formannskapet
Plangruppe	Plansjef, kommuneplanleggjar, arealplanleggjar, ingeniør-GIS og rådmann

Tabell: Planprosessen – framdriftsplan

Fasar	Oppgåver	Samarbeid og medverknad	Ansvarleg	Fristar / Framdrift
Konsekvensutgreiing og planløysingar	Utarbeida framlegg til arealdel: Kunnskapsgrunnlag og situasjonsskildring kart, føresegner, planomtale, KU og ROS-analyse		Rådmann	Nov – mars 2017/2018 Januar
	Drøftingsutkast		Kommuneplannemnd	Februar 2018
	Samråd med regionale sektormyndigheiter	X	Rådmann	Februar - mars 2018
Planframlegg og planhandsaming	1. g. handsaming og utlegging til offentleg ettersyn – vedtak		Kommuneplannemnd	September 2018
	Offentleg ettersyn av planframlegg – 6 veker	X	Rådmann / kommuneplannemnd	September - oktober 2018
	Handsaming av merknader, utarbeiding av endeleg planframlegg		Rådmann	November 2018
	2. gongs handsaming av planframlegget		Kommuneplannemnd	desember 2018
	Vedtak arealdelen		Kommunestyret	Juni 2018

Føresetnad for denne framdrifta er m.a. at endringane etter 1.g. offentlig ettersyn ikkje er så omfattande at det medfører krav om ny utlegging. I så fall kan det føra til forlenging av planarbeidet med vedtak i april 2019. Forlenging av prosessen kan også skje dersom det er mange nye tiltak som krev meir omfattande konsekvensutgreiingar.

Innspel til planarbeidet vart handsama under arbeid med planprogrammet.

5. Planomtale

5.1 Bakgrunn

Inndeling/redigering i PLBL kap. 11-7 og 11-8 er lagt til grunn både for dette kapittelet og for kap. 5 Planføresegner og retningslinjer. Dette kapittelet gjer greie for planendringane, og bakgrunnen for dei. Status og utfordringar for Luster kommune er omtalte i samfunnsdelen kap. 2.

5.2 Plan 2018

Dette er ein revisjon av arealdelen frå 2015 for heile kommunen og hovudtrekka i arealbruken vert vidareført der det ikkje er funne grunnlag til endring.

Oppfylging av oppgåver

Oppfylging av arealdelen vart handsama gjennom kommuneplanmeldinga. Oppgåver som er arbeidd med i planperioden og som føreset vidare oppfølging gjennom revidert plan er desse:

Stadanalyse Gaupne

Stadanalysen skal fylgjast opp i vidare utviklingstiltak i Gaupne sentrum, med vekt på desse tema: konsekvensutgreiing for bustadutviklinga i Gaupne der ein skal vurdere;

- a. Grenser og stegvis utbygging av Grindane inkl utvidingar mot Gaupne sentrum.
- b. Utnytting av noverande treningsfelt til bustadføre mål.
- c. Fortetting med bustader på kommunale område inkl revurdering av behovet for friområde som i svært liten grad vert nytta.

Stadanalysen har ei god vurdering av ei mogeleg fortetting av Gaupne sentrum, med m.a. Det skal også arbeidast med ein analyse for fortetting av bustadområde i Gaupne der ein ser på potensiale og konsekvensar med ei høgare utnytting inkl bygging i fleire etasjar.

5.3 Strategiar, fokusområde og målsetjingar for ny plan

Kommuneplanen sin Samfunnsdel (KPS) saman med dokumentet Planstrategi og planprogram legg føringar for arealdelen av kommuneplanen.

Prioriterte satsingar og fokusområde

I KPA vil det vera viktig å fylgja opp dei tre hovudfokusområda i KPS og leggja til rette for utvikling innanfor desse områda:

<p>Luster ein god stad å bu - «gode tenester og tilbod for innbyggjarar og tilflyttarar»</p> <p><u>Strategiar:</u></p> <ul style="list-style-type: none">• Me skal leggja til rette for tverrfagleg samarbeid som gjev gode kommunale tenester for innbyggjarane• Me skal leggja til rette for ei god bustadutvikling• Me skal leggja til rette for at folk trivest med å bu i Luster
<p>Luster – ein god stad for å driva bedrift – «aktiv næringspolitikk for etablering og utvikling av næring»</p> <p><u>Strategiar:</u></p> <ul style="list-style-type: none">• me skal tilby gode rammevilkår for etablering og vidareutvikling av verksemder• me skal vera aktive for vidareutvikling av landbruket• me skal leggja til rette for ein infrastruktur som gjev gode vilkår for verksemder og for busetnad i kommunen
<p>Luster – ein god stad å besøkja - «gode opplevingar som får besøkande, frå både nære og fjerne område, til å komme og bli»</p> <p><u>Strategiar:</u></p> <ul style="list-style-type: none">• me skal leggja til rette for at det vert god kvalitet på besøksnæringa i Luster• me skal vera i framkant i utvikling og tilrettelegging av berekraftige kultur- og naturopplevingar• me skal vera attraktiv å besøkja for folk i regionen

Hovudmålsetjingar i KPS:

Luster – ein god stad å bu	
Bumiljø	Bulyst i heile kommunen basert på miljø og berekraftige lokalsamfunn
Fleire folk til Luster	Folk i alle hus - Trivsel for alle
Barn og unge	Alle barn og unge skal ha gode og likeverdige oppvekstvilkår som stimulerer til aktiv samfunnsdeltaking og legg til rette for god psykisk og fysisk helse
Kultur og fritid	Gje alle innbyggjarane i kommunen eit godt tilbod av kultur- og fritidsaktivitetar uavhengig av kjønn, alder, bustad, etnisitet, økonomi og mobilitet.
Folkehelse	God livskvalitet for alle som bur i Luster ved å vektleggja førebyggjande tiltak
Helse og omsorg	Alle brukarar med eit fagleg definert behov for kommunale helse- og omsorgstenester skal få naudsynte førebyggjande tenester, rehabilitering, behandling, pleie og omsorg.
Informasjon	God informasjon til alle
Regionalt samarbeid	Gode regionale tenestetilbod til innbyggjarane i Luster
Beredskap	God beredskap for alle i heile kommunen
Luster – ein god stad for bedrifter	
Generell næringsverksemd	Luster kommune skal vidareutvikla eksisterande arbeidsplassar og leggja til rette for nye og auka talet på arbeidsplassar i kommunen.
Landbruk	Ei berekraftig og framtidsretta landbruksnæring som nye / unge brukarar vil satsa på.
Infrastruktur	Ein framtidsretta infrastruktur som sikrar busetnad og næringsliv i Luster
Klima og miljø	Ein kommune som tek ansvar for eige klimaavtrykk
Luster – ein god stad og besøkja	
Natur og kulturarv	Nytta dei store attraksjonane innan natur og kulturarv i utviklinga av besøksnæringane

Lokale føringar

Kommuneplanen sin Samfunnsdel (KPS) vedteke 14.12.2017 i K-sak 48/13 har gjeve desse føringane for arealdelen:

Føringar for arealdelen:

I Kommuneplanen sin Samfunnsdel (KPS), som vart vedteken i desember 2017, er det gjeve føringar for arealdelen:

ROS

Vektleggja kunnskap om naturendringar som flaum, skred og havnivåstiging i arealdelen som førebyggjande tiltak for Risiko og sårbarheit med utgangspunkt i:

- Skredfarekartlegging i Luster kommune, NVE 2015
- Havnivåstiging
- Vurdera kva reguleringsplanar som bør reviderast med bakgrunn i ny kunnskap om skredfarlege område
- Luster kommune sin overordna ROS-analyse – datert 22.05.2014 (K-sak 23/14) skal nyttast som kunnskapsgrunnlag for vurderingar knytt til risiko- og sårbarheit

Bustadområde

- Trygge og veileigna areal til bustadbygging i alle bygder
- Tilretteleggja for bustadtilbod for grupper med særskilde behov
- Tilretteleggja for tomter til einestad i bustadfelt
- I bygder utan regulerte byggeområde kan det i arealdelen setjast av område for spreidd bustadbygging utanfor jordbruksareal (*dvs fulldyrka og overflatedyrka jord, innmarksbeite*)

- e. Leggja til rette for utbygging av fjernvarme i samband med bustadbygging ved å stilla krav om bioenergi, fjernvarme, fjordvarme, varmepumpe eller vassboren varme ved godkjenning av nye bustadkompleks med meir enn 4 bueningar
- f. Arealøkonomisering skal vektleggast i planlegging av nye og eksisterande byggeprosjekt

Næringsareal

- a. Tilgjengeleg regulert næringsareal i Gaupne og Hafslø
- b. Tilgjengeleg næringsareal i andre bygder ved behov

Sentrumsområde

- a. «Stadanalyse for Gaupne» skal leggjast til grunn i planarbeidet for fortetting og vidare sentrumsutvikling i Gaupne
- b. Fastsetja langsiktige mål for utvikling av fellesareal i kommunesenter og bygdesenter med vekt på «Born og unge i sentrum» og universell utforming

Hytteområde

- a. Bærekraftig hyttebygging skal i hovudsak konsentrerast i hyttefelt framfor spreidd utbygging.
- b. Hyttebygging bør i hovudsak skje utanfor jordbruksareal eller areal der det er konflikt med beiteinteresser.

Landbruksområde og jordvern

- a. Med bakgrunn i globale klimaendringar og matvaresituasjonen i verda, skal det vera fokus på å sikra dei areala i kommunen som er eigna for matproduksjon
- b. Ved bustadbygging på dyrka mark skal dette skje gjennom høg arealutnytting.

Friluftsliv

- a. Sikra tur- og rekreasjonsområde i sentrumsnære område
- b. Ivareta areal langs fjord og vassdrag for ålmenta som er eigna for bading og fiske
- c. Ivareta dei visuelle verdiane og bruksverdiane som vassdragsnaturen har; både som trivsels- og aktivitetsfremjande element for innbyggjarane og som trekkplaster, fotomotiv og vassbaserte aktivitetar for tilreisande.
- d. Ivareta inngrepsfrie samanhengande strandområder med vekt på fri ferdsel
- e. Vurdera vilkår for terrengsykling i LNF-område
- f. Vurdera vilkår for bruk av vasskuter
- g. Leggja til rette fiskeplassar for personar med nedsett funksjonsevne.

Universell utforming

- a. Nasjonal handlingsplan «Norge – universelt utformet til 2025» skal fylgjast opp gjennom arealdelen.
- b. Uteområde og byggverk skal utformast slik at dei så langt det er mogleg kan brukast av alle innbyggjarane på ein likestilt måte.

Miljø og berekraftig utvikling

- a. Større samanhengande områder med høg landskaps- og opplevingskvalitet skal takast vare på
- b. Biologisk mangfald (jfr. kartlegging av biologisk mangfald i kommunen) skal vektleggjast
- c. Utbyggingsareal skal som hovudregel leggjast på uproduktive/lågproduktive areal utan spesielle økologiske eller biologiske funksjoner med særleg verdi for trua, sårbare, sjeldne artar eller bestandar
- d. Ivareta viktig dyreliv og botaniske verdiar i vassdragsnaturen
- h. Ivareta inngrepsfrie samanhengande strandområder med vekt på biologisk mangfald og viktige naturkvalitetar

Kulturminne

- a. Fastsetja omsynsone for kulturminne som har prioritet 1 og 2 i Kulturminneplanen
- b. Solvorn og Skjolden skal styrkast som inngangsportal til verdsarvområdet Urnes stavkyrkje

Strategiar for arealbruk.

Arealstrategien i denne planen byggjer på vedteke planprogram og samfunnsdel, og vurderingar som er gjort under arbeidet med arealdelen. Arealstrategien under uttrykkjer hovudlinjer for arealbruken i planforslaget.

5.4 Gjennomgåande tema

- er sektorovergripande
- skal gå igjen både i KPS, KPA og dei andre kommunedelplanane
- føreset eigarskap og oppfølging frå alle / dei fleste einingane for å oppnå ei ynskt samfunnsutvikling
- mål og tiltak skal innarbeidast i handlingsdelen

Gjennomgåande tema i kommuneplanen:

- Folkehelse
- Det fleirkulturelle Luster
- Beredskap - risiko og sårbarheit (ROS)
- Miljø og berekraftig utvikling

6. Busetjingsmønster og folketalsutvikling. Utviklingstrekk

Busetting i Luster kommune fordeler seg i hovudsak på ni bygdelag, og med kommunesenter i Gaupne som eit naturleg tyngdepunkt ut frå geografi og folketal. Cirka 210 km med fylkesvegar bind bygdene saman.

I takt med rasjonalisering og nedlegging i landbruket har det skjedd ei uttynning av busetnaden i fleire av bygdene i kommunen, og ei indre sentralisering med ein større konsentrasjon i område med lettast tilgang til ein større arbeidsmarknad og eit breiare tenestetilbod som Gaupne og Hafslo.

Kommunestruktur:

Luster er ein vidstrekt kommune med denne senter-/ bygdelagsinndelinga:

Kommunesenter: Gaupne

Bygdesenter: Hafslo, Jostedal og Skjolden.
Gaupne er bygdesenter for dei som bur i Gaupne og nærområdet.

Bygdelaq: Solvorn, Veitastrond, Indre Hafslo, Luster, Fortun, Sørsida av Lustrafjorden

Folketalsutvikling i Luster 2008 - 2016

År	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Fødselsoverskot	20	-12	4	-1	-10	12	29	3	-1	23
Netto innvandring	11	35	29	36	56	35	30	29	42	56
Netto innanlansk flytting	-22	44	38	-31	-29	1	-30	-55	17	-8
Folketalsvekst	9	66	78	3	15	48	29	-25	58	72

Folketalsutvikling (personar) - Luster 2000 - 2017

(Tilnærma skulekrinsar, Ornes - Sørheim er skilt ut som eige område)

Tal personar	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	Endring 2007 til 2017	Endring %
Fortun	141	140	135	135	141	140	125	128	125	119	130	-11	-8
Skjolden	249	251	233	234	233	233	241	246	258	252	253	4	1,6
Luster	668	667	690	701	699	698	698	715	724	733	739	71	10,6
Sørsida	110	110	101	102	103	106	105	103	100	90	87	-23	-21
Solvorn	210	207	207	213	216	226	218	220	213	208	202	-8	-7
Gaupne	1161	1178	1194	1228	1244	1258	1276	1286	1295	1291	1312	151	13
Indre Hafslo	510	497	486	503	505	493	501	510	503	515	517	2	0,4
Hafslo	1265	1104	1283	1291	1346	1350	1365	1366	1380	1374	1403	138	11
Veitstrond	131	131	125	116	114	113	108	107	109	111	113	-18	-14
Jostedalen	424	416	420	419	420	404	401	393	404	392	384	-40	-10

Arbeidsinnvandring er sterkt medverkande til folketalsauken som har vore sia 2009. Samtidig med auke skjer det også ei indre sentralisering med god vekst både i Gaupne og på Hafslo. Sørsida er den delen av kommunen med størst nedgang i folketalet. Også Veitstrond og Jostedalen har ein merkbar nedgang i folketalet. Utviklinga på nasjonalt nivå siste åra er at arbeidsinnvandringa går ned. Det same skjer med talet på flyktningar som får opphaldsløyve og busetjing i kommunane. Dette kan føra til nedgang i folketalet i kommunen dei komande åra. Ei motvekt til dette er utbygging av bustadfeltet Botn på Hafslo som kan trekkja til seg folk som har arbeidsplassen sin i Sogndal og vel å busetja seg på Hafslo.

7. Oppsummering - hovudtrekk i revidert plan 2018-2029:

Område som var med i plan 2008 og 2015 vert i stor grad vidareført. Viktige område som vert lagt inn i planen er:

Bustader:

Byggeområde bustader; Grandmo og Haugen i Gaupne, Skjolden, Joranger

Hytter:

Moane – Hafslo

LNF- føremål med spreidd utbygging:

Spreidd hyttebygging Lømyrane (Dalsdalen), Myrteigen (Ytre Eikum) og Yngsdalen

Areal for næringsføremål og liknande:

Byggeområde næring på Turtagrø, Hyrnavollen - Mørkridsdalen

Areal for nødvendige tiltak i samband med landbruk:

Ny støl, Dulsethaugen - Mørkridsdalen

Naturområde / friluftsområde:

Flahamarskjæret, Lustrafjorden

Småbåthamn:

Solvorn: alt. 1 Neset

Arealbruk nye tiltak som er tilrådd innarbeida i planen					
	Fulldyrka mark	Overflatedyrka/ inmarksbeite	Produktiv skog	Utmarksbeite mindre produktiv skog/høgfjell	Strandlinje
Bustader	14	1	3		
Hytter	1	2	1	23	
Anna bygging	1			6	1
Veg/P-plass				1	
Spreidd bustad					
Spreidd hytte				29	
Sum					

8. Arealføremål – jf. PLBL § 11-7

Kommuneplanen sin arealdel skal i nødvendig utstrekning visa arealføremål som er lista opp i § 11-7 nr 1-6. Hovudføremåla vert inndelt i aktuelle underføremål. Hovudføremål nr 5, Forsvaret, har ikkje areal i Luster.

8.1 Bygningar og anlegg (§ 11-7 nr 1)

Sosi-kode 1001

Underføremål er: bustader, fritidsbustader, sentrumsføremål, kjøpesenter, forretningar, bygningar for offentleg eller privat tenesteyting, fritids- og turistføremål, råstoffutvinning, næringsbygg, idrettsanlegg, andre typar anlegg, uteopphaldsareal og grav- og urnelundar.

8.1.1 Bustader

Sosi kode1110

Føringar som gjeld bustadbygging i kommuneplanen sin samfunnsdel:

Frå Kap 13 Føringar for arealdelen:

I Kommuneplanen sin Samfunnsdel (KPS) (framlegg som vert lagt ut til offentleg ettersyn i september 2017) er det gjeve føringar for arealdelen:

ROS

Vektleggja kunnskap om naturendringar som flaum, skred og havnivåstiging i arealdelen som førebyggjande tiltak for Risiko og sårbarheit med utgangspunkt i:

- e. Skredfarekartlegging i Luster kommune, NVE 2015
- f. Havnivåstiging
- g. Vurdera kva reguleringsplanar som bør reviderast med bakgrunn i ny kunnskap om skredfarlege område
- h. Luster kommune sin overordna ROS-analyse – datert 22.05.2014 (K-sak 23/14) skal nyttast som kunnskapsgrunnlag for vurdering knytt til risiko- og sårbarheit

Bustadområde

- g. Trygge og veileigna areal til bustadbygging i alle bygder
- h. Tilretteleggja for bustadtilbod for grupper med særskilde behov
- i. Tilretteleggja for tomter til einbustad i bustadfelt
- j. I bygder utan regulerte byggeområde kan det i arealdelen setjast av område for spreidd bustadbygging utanfor jordbruksareal (*dvs fulldyrka og overflatedyrka jord, innmarksbeite*)
- k. Leggja til rette for utbygging av fjernvarme i samband med bustadbygging ved å stilla krav om bioenergi, fjernvarme, fjordvarme, varmpumpe eller vassboren varme ved godkjenning av nye bustadkompleks med meir enn 4 bueningar
- l. Arealøkonomisering skal vektleggast i planlegging av nye og eksisterande byggeprosjekt

Sentrumsområde

- c. «Stadanalyse for Gaupne» skal leggjast til grunn i planarbeidet for fortetting og vidare sentrumsutvikling i Gaupne
- d. Fastsetja langsiktige mål for utvikling av fellesareal i kommunesenter og bygdesenter med vekt på «Born og unge i sentrum» og universell utforming

Landbruksområde og jordvern

- c. Med bakgrunn i globale klimaendringar og matvaresituasjonen i verda, skal det vera fokus på å sikra dei areala i kommunen som er eigna for matproduksjon
- d. Ved bustadbygging på dyrka mark skal dette skje gjennom høg arealutnytting.

Universell utforming

- c. Nasjonal handlingsplan «Norge – universelt utformet til 2025» skal fylgjast opp gjennom arealdelen.
- d. Uteområde og byggverk skal utformast slik at dei så langt det er mogleg kan brukast av alle innbyggjarane på ein likestilt måte.

Miljø og berekraftig utvikling

- e. Utbyggingsareal skal som hovudregel leggjast på uproduktive/lågproduktive areal utan spesielle økologiske eller biologiske funksjoner med særlig verdi for trua, sårbare, sjeldne artar eller bestandar

Behovsvurdering.

Bustadbehov er stipulert ut frå:

- Erfaringstal og registrert byggeaktivitet 2009 - 2017
- Folketalsutvikling
- Disponibelt areal i gjeldande arealdel (2008)

Erfaringstal.

Snitt for perioden 2009 – 2017 er 35 nye bueiningar pr. år. Utviklinga går i retning fleire hushald med fåe personar og fleire små husvære. Det har dei siste åra vore god utvikling i bygging av rekkehus og leilegheitsbygg i høve til tal einebustader i Gaupne og Hafslø. 2017 skjer det ei endring i Luster ved at det for fyrste gong er byggemeldt 3 lågblocker (kvar på 3 etasjar).

Tabell: Bustadbygging i perioden 2009 – 2014

År	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	sum
Tal bueiningar	33	40	41	36	41	28*	32	8	57	316

*t.o.m.30.06.2014

Av dette er:

Hustype	Tal bueiningar	%
Einbustader	157*	50
Våningshus	15	5
Rekkehus og liknande.	105	33
Lågblock	39	12
Sum	316	100

* i tillegg 21 sokkelhusvære

Strategi for folketalsutvikling.

Luster kommune har gjennom KPS ein slik strategi for folketalsutviklinga i kommunen:

Luster – ein god stad å bu

Strategiar: Me skal leggja til rette for ei god bustadutvikling

Hovudmål: Folk i alle hus - Trivsel for alle

Delmål: I. Fleire innbyggjarar i alle bygder i Luster

II. Flyktningar og fastbuande arbeidsinnvandrarar som:

- har gode opplæringstilbod
- snakkar norsk
- er godt integrerte
- har arbeid

Arbeidsinnvandrarar utgjer veksten i folketalet. Dei kan ha eit bumønster som m.a. medfører busetjing i hus utanom hovudsentra og styrker den desentraliserte strukturen. Luster kommune har sia 2010 årleg busett flyktningar i Gaupne. Med nedgang i tal arbeidsinnvandrarar og flyktningar som kjem til Noreg kan dette også koma til å få innverknad på bustadmarknaden i Luster.

Bustadstrategi:

Bustadbehov i Luster 2018 - 2029

Følgjande vert lagt til grunn:

- Satsing på bustadbygging i alle bygdelag for å oppretthalda ein desentralisert struktur
- Område for spreidd bustadbygging i bygder utan regulerte bustadområde
- Konsentrert bustadbygging og fortetting i Gaupne
- Bygging av leilegheitsbygg med variert storleik og standard
- Retningslinjer for spreidd bustadbygging (KPA 2008) vert vidareført i revidert plan

Bustadbehov i Luster bør etter dette liggja på minimum 45 nye bueiningar pr. år i planperioden i regulerte felt / område for spreidd bustadbygging. Det er då lagt til grunn ein reserve på 7 bueiningar pr. år ut frå gjennomsnittet dei siste åra. Dette vert fordelt bygdevis som vist i tabellen nedafor.

Bygd	Behov bueiningar pr. år	Behov bueiningar i perioden 2018 - 2021	Behov bueiningar perioden 2018 – 2029
Gaupne	16	64	192
Hafslo	16	64	192
Skjolden	3	12	36
Dale	3	12	36
Indre Hafslo	1,5	6	18
Marifjøra	1,5	6	18
Solvorn	2	8	24
Sørsida	1	4	12
Jostedalen	1	4	12
Veitastrand*			
Sum	45	180	504

* Bustadbygging på Veitastrand skjer ofte i tilknytning til gardar. Utover dette føreset ein at det skjer gjennom dispensasjonssaker

Bustadbygging i bygdene:

Luster kommune har over mange år hatt ei aktiv rolle som tilretteleggjar av utbyggingsområde. I seinare år har dette endra seg ved auka omfang av privat tilrettelegging og utbygging. Botn på Hafslo er det hittil største private utbyggingsområdet i kommunen.

Gaupne:

Det er lite anna enn dyrka mark som kan nyttast til framtidig bustadbygging i Gaupne. Med bakgrunn i føringar gjeve i samfunnsdelen (K-sak 67/17) vert det lagt til grunn ei høg arealutnytting i kommunesenteret. Areal til store bustadtomter bør leggjast til tilgrensande bygder og då spesielt Marifjøra.

Med utgangspunkt i stadanalysen er det lagt opp til ei utbyggingsrekkefylgje som m.a. inneber omregulering av næringsområdet Grandmo AS og Bruflat treningsfelt. (Det er lagt til rette for å plassera kasteområdet inntil idrettsbana). Aktuell utbyggingsform på «treningsfeltet» kan vera einebustad i kjede med tomtestorleik på 200-350 kvm.

For området Grindane1 og Haugen i Gaupne er det lagt til grunn ei utbygging med 2,5 bueiningar pr. daa. For øvrige område er det lagt til grunn 1-2 daa netto/tomt, for einebustader. Samla vil dette utløyse ca. 190 bueiningar. På Verket 2 starta utbygginga i 2017 som pr april 2018 har ledig 44 bueiningar.

Sandvik er regulert til landbruk og i arealdel 2008 avsett til sentrumsområde. Ved ei evt regulering til sentrumsføremål må dette kombinerast med bustader i 2-3 høgder.

Gaupne har eit behov på 192 bueiningar i perioden 2019 – 2030. Inkludert Marifjøra og fortetting er ein nesten i balanse.

NVE har nyleg kome med nye forventingar til kommunen sitt planarbeid jfr flaumutsette område i Gaupne. Dette inneber ny kartlegging for å avdekka flaumutsette område og fastsetjing av sikker byggehøgde i samsvar med tryggleikskrava i *gjeldande byggteknisk forskrift*. Det er ein høgst uviss situasjon på framtidig byggeareal. Med bakgrunn i dette bør området Grindane oppretthaldast då dette er av dei meir flaumsikre områda.

Byggeområde bustader Gaupne					
Område	Daa	Utbyggingsrekkefylgje	Bueiningar pr. daa	Planoppfylgning	Sum bueiningar
Bruflat treningsfelt / Grandmo AS	20 4	1	2 4	Omregulering	40 16
Grindane 1	13	2	2,5	Regulering	40
Haugen	9	3	2,5	Regulering	22
Fortetting Gaupne sentrum	15			Omregulering (privat)	20
Sum	61				138
Grindane 2	23		2,5	Regulering	55
Sum	84				193

*planlegging her skal skje parallelt med Bruflat / Grandmo og inngår ikkje i rekkefylgjekravet.

Område regulert / opparbeidd til bustadbygging i Gaupne					
Område	Daa	Utbyggingsrekkefylgje	Bueiningar pr. daa	Planoppfylgning	Sum bueiningar
Verket 2	35	1	2	Byggestart 2018	40 (av 66)
Salen	9,5	2	0,6	Byggestart (uvisst)	6
Sum	44,5				46

Byggeområde bustader i Marifjøra					
Område	Daa	Utbyggingsrekkefylgje	Bueiningar pr. daa	Planoppfylgning	Sum bueiningar
Marifjøra/Marheim	16*		1	Regulering	15
Sum	16,5				15

Med bakgrunn i den usikre situasjonen knytt til flaumsoner i Gaupne vert Grindane 2 oppretthalde som byggeområde bustader, men vert inntil vidare halde utanfor utbyggingsrekkefylgja og skal vurderast ved neste revisjon opp mot andre alternativ. Dette inneber at Gaupne er akkurat i balanse på bustadbehovet i planperioden dersom «fortettinga» i privat på 20 bueiningar, slår til. Det vert lagt opp til å utarbeida ein «fortettingsstrategi» for Gaupne.

Marifjøra kan vera eit alternativ til Gaupne for dei som ynskjer større tomter. Utbygging av Vinda må sjåast i ljøs av investeringar i Marifjøra.

Solvorn:

Borhaug er opparbeidd og tomtosal starta i 2013. Vil dekkja behovet i nokre år framover. Pr 01.02.2019 er 7 av 15 tomter ledige.

Ornes / Sørsida:

Området Bakkane på Ornes vert omregulert frå landbruk til byggeområde bustader. Område for spreidd bustadbygging på Låvaneset vert vidareført.

Skjolden / Fortun:

Bolstadmoen fekk ny reguleringsplan i 2015. Denne dekkjer etterspurnaden i fleire år framover. På Drægni i Fortun er det tilrettelagt for vatn og avløp i samband med bygging av kommunal bustad i område med spreidd bustadbygging.

Eidsbakkane kan fortettast. Som grunnlag for vidare utbygging i området må det utarbeidast reguleringsplan som m.a. omfattar vegløyser og tomteinndeling.

Luster:

Kvitevollen er opparbeidd og tomtosal starta i 2017. Saman med ledige tomter i Bringebakkane vil dette dekke behovet i fleire år framover. I Dalsdalen vart det i KPA 2015 lagt ut eit område for spreidd bustadbygging.

Høyheimsvik:

Ledige tomter i regulert felt. Tomtene er innløyste og vil dekke behovet i komande planperiode.

Nes:

Neshøgdi (privat) er ferdig utbygd og det er ikkje ledige tomter i dette området.

Jostedalen:

Tilstrekkeleg med ledige tomter i regulert felt. Det ligg reservar i gjeldande arealdel som vert vidareført.

Marifjøra:

Regulert bustadområde. KPA 2015 vedtok utviding av planområdet i retning Marheim og nytt område for spreidd utbygging i Ladbakken. Marifjøra og Indre Hafslø skal f.o.m. 2018 vurderast som separate bygder jfr bustadbygging. Delar av Marifjøra vert eit supplement til Gaupne m.o.t. litt større einebustadtomter.

Indre Hafslø:

I KPA 2015 vart det lagt inn nytt utbyggingsområde på Vinda. I tillegg vert det lagt til rette for ei mindre utviding av Lundshaugen (jfr planleggingsprogram for 2018). Samla vil dette dekke behovet i området. Marifjøra er eit utbyggingsområde som vert å sjå som eit supplement til einebustadtomter i Gaupne jfr tidlegare utbygging på Nes.

Hafslø:

KPA dekkar godt behov for bustadbygging i minst 10 år framover. Behovet er 160 og tilbodet er 258. Dette tilseier ein reserve på 98 bueiningar fram til 2025. Alle område vert vidareført i revidert plan.

Byggeområde bustader Hafslø					
Område	Daa	Utbyggingsrekkefylgje*	Bueiningar pr. daa	Planoppfylgning	Sum bueiningar
Beheim 2	61	1	1	Tomtesal starta i 2014	60
Botn	65	(Privat)	2	Regulert, opparbeiding 2018	130
Sandal	2,7	(Privat)	3	Regulert	8
Flatane 1	10	(Privat)	1,2	Regulert	10
Prestegarden	52	3	1,2	Regulering	60
Flatane 2	5	(Privat)	1,2	Regulering	6
Flatane 3	2,5	(Privat)	1,2	Regulering	3
Mohaugane	3	(Privat)	1,3	Regulering	4
Solbakken	28	(Privat)	(areal inkl. eksisterande bustadhus i området)	Regulering	7
Billagstomta	3		Uavklart omfang	Omregulering	8
Nye område i 2019:					
Lustraporten	6	privat	10	Omregulering	60
Sum	196				258

*utbyggingsrekkefylgje for kommunale felt

Status byggeområde bustad – regulerte, opparbeidde eller avsett i arealdel

Byggeområde bustader						
Område	Utbyggingsrekkefylgje	Daa	Bueiningar pr. daa	Status	Sum bueiningar	Ledige bueiningar
Gaupne						

Verket 2	1	35	2	Er regulert - Byggestart 2018	66	44
Salen	2	9,5	0,6	Er regulert – Byggestart uvisst	6	6
Bruflat treningsfelt / Grandmo AS	3	20 4	2 4	Omregulering.	40 16	56
Grindane 1	4	16	2,5	Må regulerast	40	40
Haugen	5	9	2,5	Må regulerast	22	22
Sum Gaupne		123,5			190	168
Område	Utbyggingsrekkefølge	Daa	Bueiningar pr. daa	Status	Sum bueiningar	Ledige bueiningar
Grindane 2		23	2,5	Regulering. Vert vurdert i 2022 jfr andre område.	55	55
Hafslo						
Beheim 2	1	61	1	Er regulert. Eitt av tre delområde er opparbeidd	60	50
Botn	(Privat)	65	2	Er regulert. Opparbeiding 2018	130	130
Sandal	(Privat)	2,4	5	Er regulert	12	12
Flatane 1	(Privat)	10	1,2	Er regulert	10	10
Alme	(Privat)	3	0,8	Er regulert	5	3
Prestegarden	2	52	1,2	Må regulerast	60	60
Flatane 2	(Privat)	5	1,2	Må regulerast	6	6
Flatane 3	(Privat)	2,5	1,2	Må regulerast	3	3
Mohaugane	(Privat)	3	1,3	Må regulerast	4	4
Solbakken	(Privat)	28	(areal inkl. eksisterande bustadhus i området)	Må regulerast	7	7
Billagstomta		8		Må omregulerast	8	8
SUM Hafslo		237			305	293
Område	Utbyggingsrekkefølge	Daa	Bueiningar pr. daa	Status	Sum bueiningar	Ledige bueiningar
Solvorn						
Borhaug		35	0,35	Er regulert og opparbeidd	12	10
Ornes / Sørsida						
Bakkane		36		Må omregulerast	20	20
Låvaneset		10		Spreidd bustadbygging – privat	3	3
Luster						
Bringebakkane		10		Er regulert og opparbeidd	12	12
Kvitevollen		17	0,6	Er regulert og opparbeidd	10	5
Høyheimsvik		4		Er regulert og opparbeidd	4	4
Dalen, Dalsdalen		8		Spreidd bustadbygging	3	3
Skjolden /Fortun						
Bolstadmoen		20		Er regulert. Avtale om grunn i 2018	18	16
Drægni				Spreidd utbygging	2	2
Jostedalen						

Haugåsen		6		Er regulert og opparbeidd	6	6
Jostedal – utviding Haugåsen		8	0,5	Må regulerast	4	4
Indre Hålslo						
Vinda		20	0,9	Må regulerast	32	32
Lambhaug				Privat. Reguleringsplan ved meir enn 4 bustadhus		
Marifjøra						
Marifjøra		32	1	Må omregulerast og utvida eksisterande område. Alternativ til Gaupne	30	30
Ladbakken		9		Spreidd bustadbygging – privat	5	5
Sum andre bygder		224			161	152

Samandrag bustadbygging:

Område for bustadbygging i kommuneplanen som ikkje er regulert	= 192 daa
Område som skal omregulerast	= 60 daa
LNF-område med spreidd bustadbygging	= 32 daa
Ferdig regulert til byggeområde for bustader som enno ikkje er ferdig utbygd	= 267 daa

Sum = 551 daa

=====
 For oversikt over felt for spreidd bustadbygging - sjå kap. 4.4.

Fritidsbustader

Sosi-kode 1120

Gjeld fritidsbustader/hytter. Hytter og hyttefolk er viktige for lokalt næringsliv både i bygge- og driftsfasen, og styrker grunnlaget for lokale tenester og tilbod.

Føringar som gjeld hyttebygging i kommuneplanen sin samfunnsdel: sjå side 12

Ved utarbeiding av arealdelen vert desse føringane lagt til grunn:

10.4 Hytteområde

For å sikra ei bærekraftig hyttebygging skal utbygging i hovudsak konsentrerast i hyttefelt framfor spreidd utbygging.

10.7 Miljø og berekraftig utvikling

a: Ivareta større samanhengande områder med høg landskaps- og opplevingskvalitet

b: Ta vare på biologisk mangfald (jf. kartlegging av biologisk mangfald i kommunen)

c: Sikra inngrepsfrie samanhengande strandområder med vekt på fri ferdsel, biologisk mangfald og viktige naturkvalitetar

d: Leggja vekt på at utbyggingsareal som hovudregel vert lagt på uproduktive/lågproduktive areal utan spesielle økologiske eller biologiske funksjoner med særlig verdi for trua, sårbare, sjeldne artar eller bestandar

10.8 ROS

Vektleggja kunnskap om naturendringar som flaum, skred og havnivåstiging i arealdelen som førebyggjande tiltak for Risiko og sårbarheit.

Status 2013 - plan 2008

I arealdel 2008 vart ynskje om utlegging av hytteområde i stor grad etterkome og det vart lagt ut ca. 560 daa fordelt på 14 område til områderegulering for hytter og til saman 37 tomter til spreidd hyttebygging. Registrert byggeaktivitet i Luster sia 2010 er ca. 5 hytter/år.

Tabell: hyttebygging i perioden 2010 – 2014 (juli 2014)

År	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	Sum 2010 – 2017
Tal hytter	6	10	4	6	4	5	3	4	42*

* Snitt på 5,3 nye hytter pr år

Hyttebygging på dyrka mark:

Det er eit hovudprinsipp i kommuneplanen at det ikkje vert lagt ut område for hyttebygging på dyrka mark.

Hytter ved fjorden:

Langs fjorden er det eit hovudprinsipp at hytter vert trekt vekk frå sjølve strandsona og plassert i «li-sona». Sjølve strandsona vert oppretthalde som LNF-område eller friområde slik at den tener som eit fellesgode for alle hyttene i området med felles bade plass/strand, svaberg for fiske, soling og opphald, utlegging av båt og båtopptrekk. Ei slik løysing vil kunne løysa ut fleire attraktive hyttetomter nær strandsona, enn det ei utbygging av sjølve strandsona vil gjera. Ei strandsona som ikkje er utbygd er også eit gode for fleire enn dei som har hytter i området og vil vera ein stor gevinst for både fastbuande i kommunen og tilreisande.

Sjå også avsnittet Strandsona, på kap. 11.2

Hyttebygging i Engjadalen

Det er kome fleire innspel til planarbeidet om bygging av enkelthytter i Engjadalsområdet. Kommunen ynskjer å leggja til rette for hyttebygging i området, men at det skjer i samsvar med ein utarbeidd plan. I 2008 vart det lagt ut eit område ved Steinkjelen. Det er ikkje vist interesse for utbygging i dette området. Som oppfølging av arealdelen vert det sett i gang arbeid for å finna eignaleg utbyggingsområde for fritidsbustader i Engjadalsområdet. Arbeidet skal skje i samarbeid med grunneigarinteressene.

Tomterreserve for hytteområde i regulerte felt eller i felt med krav om regulering.

Eksisterande hyttefelt som er ferdig regulert, men som har ledige tomter

Stad/Feltnamn:	Tomter regulert	Tomter ledig	Daa
Hafslo, Solsida	42	42	92
Hafslo, Heggmyrane	41	40	58
Hafslo, Hamragåta	17	14	45
Hafslo, utbygg plan gbnr 153/22	9	8	15
Jostedal, Espe	28	26	38
Fortun, Storhaug	50	45	196
SUM	187	175	444

Hyttefelt i gjeldande kommuneplan frå 2008 med krav om reguleringsplan – som enno ikkje regulert

Stad/Feltnamn:	Daa	Planstatus i ny plan	ID i K-plan frå 2008	Daa ledig
Veitastrond Felt 1	32	Vidareført frå 2008	H2	32
Hafslo, Hovden	10	Vidareført frå 2008	H3	10
Hafslo, Vetlebatan	35	Vidareført frå 2008	H4	35
Hafslo, Resaland	47	Vidareført frå 2008	H5	47
Gaupne, Vassvollane	45	Vidareført frå 2008	H6	45

Gaupne, Leirdalen,	46	Vidareført frå 2008	H7	46
Nes	17	Vidareført frå 2008	H8	17
Høyheimsvik, Vikane	30	Vidareført frå 2008	H9	30
Skjolden, Fjøsne	21	Vidareført frå 2008	H10	21
Mørkridsdalen, A + B	26	Vidareført frå 2008	H11	26
Sørsida, Låvaneset	17	Vidareført frå 2008	H12	17
Fortun, Turtagrø H 13	9	Vidareført frå 2008	H13	9
Mørkridsdalen, Osen	156	Vidareført frå 2008	H16	156
Stad/Feltnamn:	Daa	Planstatus i ny plan	ID i K-plan frå 2008	Daa ledig
Osen, Skjolden	5	Vidareført frå 2015	H1	5
Heggmyrane hyttegrend	23	Vidareført frå 2015	H5	2
Heggmyrane – frå masterplan	1200	Vidareført frå 2015	H6	1200
Vårstølen, Veitastrond	10	Vidareført frå 2015	H8	10
Moane	16	Ny 2019		16
SUM	1835			1814

Heggmyrane:

Her er det i dag tilstrekkeleg med byggeareal for hytter i regulerte område, men med bakgrunn i føringar i Masterplan for Heggmyrane vart det lagt inn eit stort, nytt område for hyttebygging på heile 1200 daa i kommuneplanen ved revideringa av planen i 2015. Det har vore ynskje om å få endra område regulert til utleigehytter inntil servicebygget ved skisenteret, men dette området er vidareført som område for utleigehytter i ny reguleringsplan vedteken i 2018.

Området på 1200 daa kom i tillegg til dei 195 daa som alt er regulert til hytter i dette området. I dei områda som er ferdig regulert har det vorte bygd to nye hytter sidan førre plan vart utarbeida. Solsida hyttefelt er no under opparbeiding.

Samandrag hyttebygging:

Sum daa ledige hytteområde i regulerte felt	= 444 daa
Hytteområde i gjeldande plan som enno ikkje er regulert	= 560 daa
Framlegg til nye hytteområde i kommuneplanen	= 1 275 daa
LNF-område med spreidd hyttebygging	= 692 daa
Sum	= 2 971 daa

For oversikt over felt for spreidd hyttebygging - sjå kap. 4.4.

8.1.2 Naust

Sosi-kode 1001

Naust er bygningar for oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiskereiskap, og kan ikkje nyttast til fritidshus eller bustad. Det vert ikkje lagt ut nye område for naust i denne planen. Eksisterande naustområde er vist med SOSI-kode 1001 som fritidshus og med påskrift «naust».

Byggeområde – naust i gjeldande kommuneplan frå 2008 med krav om reguleringsplan – som enno ikkje regulert

Stad/Feltnamn:	Daa	Planstatus i ny plan	ID i K-plan frå 2008
Gaupne, Sandvik		Vidareført frå 2008	A1
Høyheimsvik		Vidareført frå 2008	A2
Sørsida, Kjønnes		Vidareført frå 2008	A3
SUM			

Det er ikkje sett av nye områder for bygging av naust i planperioden.

8.1.3 Sentrumsføremål.

SOSI-kode 1130

Arealføremålet omfattar alle vanlege føremål i tettstadsområde som næringsbygg for forretning/kontor, offentlege og private tenester, bustader, parkering/trafikkareal mindre park- og friareal, m.m. Føremålet føreset reguleringsplan for detaljert styring av arealbruken.

Sentrumsføremål i gjeldande kommuneplan:

Stad/Feltnamn:	Daa	Planstatus i ny plan	ID i K-plan
Hafslo -sentrum		Vidareført frå 2008	
Hafslo – bussgarasjen		Vidareført frå 2008	2008-O1
Gaupne, Sandvik		Vert endra til byggeområde bustad.	2008-O3
Fortun - sentrumsområdet	61		2015-SEN1
SUM			

Gaupne: «Sentrumskjernen»

Luster kommune sin definisjon av sentrumskjerne:

Ein sentrumskjerne er eit område med meir enn tre ulike hovudnæringsgrupper med sentrumsfunksjonar. I tillegg til detaljvarehandel, må offentleg administrasjon eller helse og sosiale tenester eller anna sosial og personleg service vera representert. Avstanden mellom bygningar bør ikkje vera meir enn 50 meter.

Sentrum i Gaupne skal ha desse funksjonane på grunnplanet:

1. Forretning
2. Kontor
3. Tenestetilbod
4. Service – overnatting
5. Skule
6. Kultur/underhaldning
7. Park / møteplassar
8. Bustader: Husvære kan byggjast f.o.m. 2. etasje

«Sentrumskjernen» er eit område som skal prioriterast for sentrumsfunksjonar. Området «Sandvik» vist som sentrumsføremål i gjeldande kommuneplan ligg utanfor sentrumskjernen.

Det skal leggjast opp til høg arealutnytting og i sentrum kan det byggjast inntil 4 etasjar. Det kan ikkje etablerast bustader på gateplan. Ut frå dette får sentrumskjernen i Gaupne ei avgrensing som vist under:



Fortun sentrum

Sentrumsområdet i Fortun er ikkje regulert. Skulen i Fortun er nedlagd. Skuleeigedomen er overteken av bygdelaget og her er m.a. anna treningsstudio. Korleis resten av skuleområdet skal nyttast, bør avklarast gjennom reguleringsplan. Det ligg også eit lite pensjonat her. Dei siste åra har det vore ei stor oppgradering av uteområda ved ungdomshuset. Her har det komme eit aktivitetsområde med grillhytte og klatrevegg. Aukande trafikk over Sognefjellet og høge besøkstal til Fuglesteg har ført til auka aktivitet i området sumartid. Behovet for parkeringsplassar har auka. Parkeringsplassane ved butikken er i nær tilknytning til vegbana. I gjeldande kommuneplan er det avsett eit område for parkering for besøkande til Fuglesteg langs FV 55. Sjå kart. Forholdet mellom køyrande og gåande er ei utfordring. Reguleringsplan for Fortun sentrum skal omfatta alle desse tiltaka. Ved oppstart av reguleringsplan skal det vurderast om planen skal omfatta tomt til bygging av «Nye Fortun stavkyrkje», jf. innspel frå Fortun bygdelag. Det bør utarbeidast reguleringsplan m.a. for klarare avgrensing mellom trafikkareal/parkering, forretning og friområde.

8.1.4 Offentleg eller privat tenesteyting.

SOSI-kode 1160

Føremålet omfattar skular, anlegg for helse og omsorg, kyrkjer og forsamlingshus, bygg for kontor/ administrasjon og liknande.

Ny plan.

For eksisterande bygg/anlegg syner planen uendra arealbruk eller mindre justeringar.

Føremålet omfattar skular, anlegg for helse og omsorg, kyrkjer, forsamlingshus, bygg for kontor og administrasjon, trening og liknande.

Kyrkjer	Skule/barnehage	Helse/omsorg	Forsamlingshus	Andre
Dale kyrkje	Gaupne barnehage	Gaupne omsorgssenter	Fortun, grendehus	Gaupne treningscenter
Jostedal kyrkje	Gaupne barneskule	Hafslo omsorgssenter	Skjolden, Fjordstova Samfunnshus	Lustrabadet
Gaupne gamle kyrkje	Luster ungdomsskule	Luster omsorgssenter	Skjolden ungdomshus	Fortun, lokalt treningscenter
Joranger kyrkje	Hafslo Barnehage		Luster, bedehus	Lyngmo ungdomssenter

Gaupne kyrkje	Hafslo barne- og ungdomsskule		Luster, Markstein ungdomshus	Munthehuset
Hafslo kyrkje	Indre Hafslo oppvekstsenter		Luster, Samfunnshus	Parken
Veitastrond kapell	Jostedal oppvekstsenter		Høyheimsvik, Fredheim	Fortun, bedehus
Fet kyrkje	Luster oppvekstsenter		Nes, gamleskolen	Gaupne, bedehus
Nes kyrkje	Skjolden oppvekstsenter		Gaupne, ungdomshus	Marifjøra, bedehus
Fortun kyrkje	Solvorn oppvekstsenter		Indre-Hafslo, ungdomshus Ljosvang	Solvorn, Bedehus
Urnes stavkyrkje	Gamlestova barnehage, Hafslo		Hafslo samfunnsbygg	Hafslo, Bedehus
Solvorn kyrkje	Veitastrond skule			Indre Hafslo, Lambhaug bedehus
			Jostedal Samfunnshus	Veitastrond, bedehus
			Jostedal, grendehus, Bjørk, Dølaheimen	
			Jostedal, Sperle, grendehus, Framheim	
			Kroken, grendehus	
			Mollandsmarki, grendehus	
			Nes, ungdomshus	
			Sørheim, grendehus	

8.1.5 Fritids- og turistføremål.

SOSI-kode 1170

Føremålet omfattar campingplassar, utleiehytter, hotell/overnattingsbedrifter og liknande.

Område for fritids- og turistføremål i gjeldande plan med krav om regulering som enno ikkje er regulert:

Stad/Feltnamn:	Daa	Planstatus i ny plan	ID i K-plan frå 2008	Daa ledig
Veitastrond, Vårstølen	26	Vidareført frå 2008	N2	26
Luster, Hærum	5	Vidareført frå 2008	N3	5
SUM	31			31 daa

Status. Behovsvurdering.

Mål i samfunnsdelen: «Luster – ein god stad og besøkja» er prioritert satsingsområde i KPS. Planen bør difor leggja til rette for utvikling av reiselivsbedriftene innafor dei føringane som er gjeve i KPS.

Anlegg /areal med funksjon som fellesgode for reiselivsnæringa er t.d. småbåthamner, badeplassar og friområde. Slike område er omtalte i andre delkapittel. (Sjå m.a. Grønstruktur , Bruk og vern av sjø og vassdrag)

Eksisterende område for fritids- og turistføremål i kommunen:

Stad	Type anlegg	Daa	Kommentar	Planstatus
Veitastrand, Tungestølen	Turisthytte		Byggearbeid ny hytte er starta opp	K-plan 08
Veitastrand, Vårstølen	Overnatting mm	19		K-plan 08
Veitastrand	Utleiehytter	29		K-plan 08
Hafslo	Bestebakken servering			K-plan 08?
Hafslo	Eikum hotell			Regplan
Hafslo	Gløtten utleiehytter	2,4	3 hytter	K-plan 08
Hafslo	Tang utleiehytter		4 hytter	LNF-område K-plan
Hafslo, Moane	Hafslo hytteutleie		5 hytter	LNF-område K-plan
Hafslo	Lyngmo leirplass	16		Regplan
Hafslo	Kvamsmoen herberge og hytter			LNF-område K-plan
Hafslo, Heggmyrane,	H2 utleiehytter	15	Max 10 utleiehytter Ikkje realisert	Regplan
Hafslo,	Hafslo gjestehus			K-plan 08
Hafslo	Hafslotun hyttesenter Kro, 13 utleiehytter	55	13 utleiehytter Ikkje regulert	K-plan 08
Hafslo, ved Hafslotun	Utleiehytter	72	Ikkje realisert	K-plan 08
Solvorn	Walaker hotell			Regplan
Solvorn	Eplet Bed & Apple			K-plan
Marifjøra	Tørvis hotell			Regplan
Marifjøra	Marifjøra sjøbuer			Regplan
Gaupne	Gaupnetun			Regplan
Gaupne	Sandvik camping		Reg som landbruk	Regplan
Jostedal	Jostedal hotell		Under regulering	K-plan 08
Jostedal	Jostedal camping		Under regulering	K-plan 08
Jostedal, Krundalen	Leirskule?			K-plan 08?
Jostedal	Breheimsenteret			Regplan
Jostedal	Nigardsbreen camping			K-plan 08
Jostedal, pensjonat	Nigardsbreen gjesteheim			K-plan 08
Høyheimsvik	Nes camping		Ikkje i drift	K-plan 08
Høyheimsvik	Viki fjordcamping	5	Regulert	Regplan
Høyheimsvik	Nes gard gjestehus			LNF-område K-plan
Høyheimsvik	Utleiehytter	12,5	Ikkje realisert	Regplan
Luster	Dalsøren camping		Reg som landbruk	Regplan
Luster	Luster fjordhytter			Regplan
Luster	Solstrand		Endra til vanlege hytter	Regplan
Skjolden,	Skjolden hotell			Regplan
Skjolden	Skjolden brygge			Regplan
Skjolden	Nymoen camping			K-plan
Skjolden	Camping		Ikkje i drift?	
Skjolden	Eide gard			K-plan??
Fortun	Vassbakken kro og camping			K-plan
Fortun	Turtagrø hotell			K-plan
Fortun	Nørdestedalsæter turisthytte			K-plan?
Fortun	Sognefjellet sommarskiser			
Sørsida	Munthehuset, Kroken			K-plan?
Sørsida	Urnes gard og hjortefarm			regulert

8.1.6 Råstoffutvinning

SOSI-kode 1200

Føremålet omfattar grustak og steinbrot.

Område for råstoffutvinning i gjeldande plan og prioriterte område i kommunedelplan for mineralske råstoff:

ID i K-plan 2008	Nummer i kommune-delplan	Område	Areal daa	Merknad	Planstatus i ny plan
M1	1	Luster, Sauskreda		Steinbrot	Regulert massetak
	2	Indre-Hafslo, Li		Steinbrot	Regulert massetak
M2	3	Høyheimsvik, Lille Høyheim		Steinbrot	Regulert massetak
M3	4	Hafslo, Krossen	23	Steinbrot Ikkje regulert Må regulerast	Massetak vidareført frå 2008
	5	Gaupne, Høgemoen		Sandtak Ikkje regulert Må regulerast	Massetak vidareført frå 2008
	6	Gaupne, Reiarmon		Sandtak Regulert i plan Bustadiket	Massetak vidareført frå 2008
	7	Skjolden, Bolstadmoen		Sandtak Ikkje i drift?	Regulert massetak
	12	Gaupne, Hausamoen		Sand – ikkje i drift Ikkje uttak i dag. Krav om reguleringsplan	LNF-område
ID i ny plan 23 ANL1	13	Gaupne, Leirmøyegarden		Sand, stein Ikkje uttak i dag. Krav om reguleringsplan	Område for bane
	14	Gaupne, Aspamo		Sand Ikkje uttak i dag. Krav om reguleringsplan	LNF-område
LH7	16	Sørsida, Leri		Sand. Ikkje uttak i dag.	LNF-områdemed spreidd hyttebygging
	19	Gaupne, ur ved Aspamo		Stein Tidlegare uttak. Krav om reguleringsplan ved vidare uttak	LNF-område
	20	Jostedal, Ur ved Alsmo		Stein Tidlegare uttak. Krav om reguleringsplan ved vidare uttak	LNF-område
	21	Indre-Hafslo, Fruli - Hillestadstølen		Stein Tidlegare uttak. Krav om reguleringsplan ved vidare uttak	LNF-område

8.1.7 Næringsareal

SOSI-kode 1300

Føremålet omfattar næringsbygg for Industri/verkstad/lager og liknande. Kontor og forretningar knytt til næringsverksemda inngår i områda.

Strategi for næringsutvikling

Luster kommune har gjennom KPS ein slik strategi og målsetjing for næringsutviklinga i kommunen:

Luster – ein god stad for bedrifter

Strategiar:

- me skal tilby gode rammevilkår for etablering og vidareutvikling av verksemder
- me skal vera aktive for vidareutvikling av landbruket
- me skal leggja til rette for ein infrastruktur som gjev gode vilkår for verksemder og for busetnad i kommunen

Hovudmål: Luster kommune skal vidareutvikla eksisterande arbeidsplassar og leggja til rette for nye og auka talet på arbeidsplassar i kommunen.

Areal avsett til næring i eksisterande plan (er ikkje komplett):

Område	Unyttareal Ca. daa	Merknad	Planstatus
Vårstølen, turistverksemd	26	Ikkje regulert	K-plan 08
Hærum, utleiehytter	5	Ikkje regulert	K-plan 08
Markstein	7,5	Krev regulering	K-plan 15
Veitastrand	0	Butikken	K-plan 08
Hafslo sentrum	1,5		Regplan
Hafslo, Krabben	0		K-plan 08
Hafslo, Stolpen?	0		K-plan 08
Hafslo, Sønnesyn sag	0		K-plan 08
Hafslo, Galdetoppen	60		Regplan
Hafslo, revefarm	15		Regplan
Hafslo, Galden nord	1,9		Regplan
Hafslo, Hestnes	0	Bensinstasjon/kro	Regplan
Solvorn	0	Solvornbui	Regplan
Indre-Hafslo		Sønnesyn Sag	
Marifjøra	0	Sentrum	Regplan
Gaupne, sentrum		Butikkar mm	Regplan
Gaupne, bakeriet	0		Regplan
Gaupne, Røneidsgrandane	37		Regplan
Gaupne, Gaupnegrandane	45	Planen er frå 1984. Treng revidering	Regplan
Gaupne, Reiarmon	20	Jostedalen serverpark/ Bustadiket	Regplan
Gaupne, Reiarmon	0	Leirdøla kraftverk	K-plan 08
Jostedal, kraftstasjon	0		K-plan 08
Jostedal, Gjerde	0	Butikk. Reg plan er under utarbeiding	K-plan 08
Jostedal, industrifelt	?		K-plan 08
Høyheimsvik	0	Butikk	Regplan
Høyheimsvik	0	Fruktlager	
Luster,	0	Fjordglas	K-plan 08
Luster, sentrum	4	Lustrabui mm	Regplan
Skjolden	0	Butikkar	
Skjolden, v Nymoen	0		Regplan
Fortun	0	Butikk. Bør regulerast	K-plan 08
Fortun,	0	Kraftstasjon	
Sørsida		Kroken	

8.1.8 Idrettsanlegg

SOSI-kode 1400

Føremålet omfattar stadionanlegg for idrett, lysløyper og alpinanlegg.

Areal avsett til idrettsanlegg gjeldande plan

Stad	Kommentar	Planstatus	Daa
Veitastrond, Leikvoll	Fotballbane, gras	K-plan 08	6,7
Hafslo, Moane	Fotballbanar, gras	Regulert	97,5
Hafslo, v skulen	Fotballbane, kunstgras	Regulert	6
Hafslo, Heggmyrane	Langrennsløyper og Alpint	Regulert Under omregulering	
Indre-Hafslo, ved skulen	Fotballbane, grus	Regulert	10
Gaupne, sentralidrettsanlegg	Fotballbane, gras Fotballbane, kunstgras Løpebaner	Regulert	34
Luster, v skulen	Fotballbane, grus	Regulert	6
Skjolden stadion	Fotballbane, gras	Regulert	7,5
Leirmøygyarden	Motorsportbane	REgulert	158

8.1.9 Masselager og massedepot

SOSI 1500 («Andre typar bygningar og anlegg»)

Luster kommune har i dag deponi av overskotsmassar, matjord og mottak av hageavfall på Røneidsgrandane. Området er regulert som industriområde. Det er behov for eit deponiområde for organisk overskotsmateriale (skrotmassar) som ikkje skal takast att for seinare bruk. Eit nytt område på Indre-Hafslo på 6 daa er innarbeida i planen.

Deponiområde – massar frå Fortunselvi: Massar som skal deponerast på jordbruksareal i terrenget i form av planering, og som ikkje seinare skal fjernast derifrå, og der arealkategorien ikkje vert endra (LNF-område), vert det ikkje sett plankrav til, jf. PLBL Føresetnaden er då at ev. matjordlag vert avdekket før fylling og tilbakeplanert etterpå og tilbakeført som matjord.

Massedepoti – Indre Hafslo

I område ved gamle bosplassen. Skal nyttast til deponering av overskotsmassar-

9. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§11-7 nr 2)

Underføremål er: veg, bane, lufthamn, kai/hamn, hovudnett for sykkel, kollektivnett, kollektivknutepunkt, parkeringsplassar, trasear for teknisk infrastruktur.

Planen viser:

- Hovudtrekk i vegsystemet: Fylkesvegar, viktige kommunale vegar og større parkeringsplassar
- Hamner og skipsleier
- Høgspenliner
- Taubanar

Ny plan vidarefører hovudtrekk i eksisterande plan.

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur i kommuneplan 2015-26. Linjesymbol.

Anlegg	Sosi-kode	Merknad
Fylkesvegar	1122	
Kommunevegar	1125 og	

Tilkomst og samleveg	1125	
Gang og sykkelveggar	1130	
Skipslei	1161	
Kraftleidning. Høgspent	1170	

Stad	Kommentar	Planstatus	Daa
Veitastrond	ATV-bane	K-plan 08	21
Veitastrond,	Helikopterlanding	K-plan 08	6,5
Hafslo, Hillestadstølen	Skytebane	K-plan 08	
Gaupne	Skytebane	K-plan 08	
Jostedal	Skytebane	K-plan 08	
Fortun	Skytebane	K-plan 08	
Fjøsne	Småbåthamn	K-plan 15	
Solvorn	Småbåthamn	K-plan 15	

9.1 Oppfylging «Stadanalyse Gaupne»: Trafikkale løysingar og arealutnytting

Stadanalysen peikar på moglege framtidige trafikk-løysingar. Sentrumskjernen har lite trafikkfritt areal og det er ikkje klare strukturar på skilje mellom gåande/syklistar og køyrande. Sett frå borna sine interesser (jf. stadanalysen) er biltrafikken, vareleveringa, renovasjonsrutinar, bussparkering og bilparkering prioritert høgast i handels- og kommunesenteret. Køyretrafikken er i dag blanda med gåande og syklende, slik at det går ut over tryggleiken til barn og unge. Parkeringsareala ligg både mellom og rundt bygningane i sentrum. Kvar og eitt bygg har fått «sitt» parkeringsareal som vert nytta av både kundar og tilsette. Å få til gode løysingar er ei krevjande oppgåve og bør løysast gjennom ein eigen overordna plan.

Oppfylging:

For Gaupne sentrum vert det utarbeidd kommunedelplan med juridisk bindande arealdel som gjev desse føringane:

- møteplassar med «sentral-torg»
- gåande og syklende skal ha høg prioritet
- ha fokus på arealøkonomisering med sikte på framtidig utviklingsmuligheiter i sentrum
- vurdere avlastande parkeringsareal sør for FV 55

9.2 Parkering Solvorn

Parkerings-situasjonen i Solvorn sumartid er til tider ei utfordring. I «*Forvaltningsplan for Solvorn*» er det vedteke at det skal utarbeidast ein trafikkanalyse knytt til trafikk og parkering i området Galden – Solvorn – Ornes – Skjolden. Denne skal gjera greie for framtidig trafikk-løysing og m.a. ta opp trafikk og parkering i Solvorn.

Det er vert uavhengig av dette lagt opp til å auka parkeringskapasiteten gjennom ny parkeringsplass ved kyrkja og etablere ei parkeringsfil langsmed FV 338 mellom krysset Gamlevegen / Vetlevegen og «Gata». Dette siste tiltaket må løysast ved omregulering og vert definert om eit oppfylgjande tiltak.

Parkering i gjeldande plan - SOSI-kode 2080

Berre offentlege parkeringsplassar utanfor regulerte sentrumsområde og nye parkeringsplassar er lista opp.

Stad	Kommentar	Planstatus	Tal P-plassar
------	-----------	------------	---------------

Hafslo, Heggmyrane	Plassen skal kunna nyttast av skisenteret om vinteren og av turgåarar mm om sommaren. Er opparbeida. I dag ofte stengt med bom.	Regulert, under omregulering	
Hafslo, Krossen	Er opparbeida. Turutgangspunkt til Molden Er ofte i minste laget. Utviding p-plass er aktuelt	K-plan 08	
Hafslo, Hillestadstølen	Området er i dag privat og stengt med bom. Kan gi rørslehemma/barnevogner tilgang til flat turveg i samband med Sognefjordvegen.	Ny plass 2014	
Hafslo, Gygestova	Liten plass. Ikkje opparbeida.	K-plan 08	
Hafslo, Galden	Veltepass tømmer/parkering Turutgangspunkt Øvrebøstølen. Er opparbeida.	Reguleringsplan	
Hafslo, Hillestad	Opparbeida rasteplass	K-plan 08	
Gaupne, Røneid	Utgangspunkt Røneidsmarka. Ikkje opparbeida.	K-plan 08	
Gaupne, Engjadalen	Turutgangspunkt. To mindre plassar er opparbeida.	K-plan 08	
Jostedal, Haugen	Turutgangspunkt Haugastølen. Mindre plass. Er ikkje opparbeida.	K-plan 08	
Jostedal, Nigardsbreen	Turutgangspunkt Nigardsbreen Er opparbeida	K-plan 08	
Jostedal, Krundalen	Turutgangspunkt Er opparbeida	K-plan 08	
Skjolden, Mørkridsdalen	Turutgangspunkt Osen Er opparbeida.	K-plan 08	
Skjolden, Mørkridsdalen	Hyrnavollen. Turutgangspunkt Mørkridsdalen. Er opparbeida	K-plan 08	
Skjolden, kryss Bolstad	Turutgangspunkt Rebni. Er opparbeida.	K-plan 08	
Fortun, Vassbakken	Turutgangspunkt Austerrike. Ikkje opparbeida.	K-plan 08	
Fortun, sentrum	Turutgangspunkt Fuglesteg. Er opparbeida. Sentrumsområdet bør regulerast.	K-plan 08	
Fortun, Turtagrø	Turutgangspunkt Jotunheimen Ein plass er opparbeida. Ein plass er ikkje opparbeida.	K-plan 08	
Grandfasta (Ormelid)	Turutgangspunkt for turar til Ormelid, Stølsdalen m.m.		

10. Grønstruktur (PLBL§ 11-7 nr 3)

Underføremål: naturområde, turdrag, friområde og parkar

Føremålet omfattar friområde, park, naturområde og turdrag i/nær tettstad eller lokale sentra. Viste friområde i plan 2008 er vidareførte.

Føringar som gjeld friområde og strandsone i kommuneplanen sin samfunnsdel:

Ved utarbeiding av arealdelen vert desse føringane lagt til grunn:

10.7 Miljø og berekraftig utvikling

Luster kommune skal:

- a: Ivareta større samanhengande område med høg landskaps- og opplevingskvalitet.
- b: Ta vare på biologisk mangfald (jf. kartlegging av biologisk mangfald i kommunen).

c: Sikra inngrepsfrie samanhengande strandområder med vekt på fri ferdsel, biologisk mangfald og viktige naturkvalitetar.
d: Leggja vekt på at utbyggingsareal som hovudregel vert lagt på uproduktive/lågproduktive areal utan spesielle økologiske eller biologiske funksjoner med særleg verdi for trua, sårbare, sjeldne artar eller bestandar

10.1 Friområde

Føremålet omfattar friområde, park, naturområde og turdrag som ligg i eller i gangavstand til kommunesenter, bygdesenter eller byggefelt. Sidan strandsona langs fjorden vert sett på som svært verdifull, har denne fått ei eiga liste. Idrettsanlegg har ei eiga liste under kap. 4.1.9. Mindre leikeplassar i byggefelta er ikkje med i denne opplistinga.

Friområde i gjeldande plan

SOSI-kode 2080

Mindre område for leik i byggefelt er ikkje med.

	Kommentar	Planstatus	Daa
Hafslo, stranda ved skulen	Ferskvatn. Sentrumsnært og nært skule	Regulert	
Hafslo, stranda ved Botn	Ferskvatn Sentrumsnært. Del av nytt byggefelt	K-plan 08	
Hafslo, stranda ved Galden og Hestnes	Ferskvatn Del av byggefelt	Regulert	
Hafslo, Stuttholmen og Langholmen	Ferskvatn To holmar i Hafslovatnet. Avhengig av båt.	K-plan 08	
Gaupne, Parken	Nær kommunesenter	Regulert	
Gaupne, langs Jostedøla	Tursti oppå elveforbygging. Gir dårleg tilgang til elva.	Regulert	
Gaupne, holmen	Holme i elva Jostedøla. Kan gå tørrskodd hit store deler av året. Sentrumsnært. Det er viktig å hindre attgroing. Vedhogst og tynning er viktig for å halde vegetasjonen open.	Nytt 14	
Gaupne, langs Engjadalselvi	Roleg, lita elv. Sentrumsnært, nær byggefelt, turisme	Delvis regulert. Nedre del må omregulerast	
Gaupne, v Jostedøla (Grindane)	Sentrumsnært. Sandstrand. I konflikt med behov for sikring mot flaum. Ved bygging av elveforbygging her går området ut.	K-plan 08	5
Skjolden, strand mot Eidsvatnet	Ferskvatn. Sentrumsnært, nært byggefelt	K-plan 08 Foreslått utvida i revidert kommuneplan	

10.2 Strandsona langs fjorden

Luster kommune har ei strandsona mot fjorden på heile 103 km. Svært mykje av denne strandsona har liten verdi for innbyggjarane flest og for turistar, då store deler av strandsona er svært bratt, ligg som ei smal stripe mellom sterkt trafikkert bilveg og fjorden, ligg i område som ikkje er tilgjenge utan båt eller strandsona er utbygd/privatisert.

Luster kommune utarbeida i 2005 ei strandsonavurdering i kommunen. Strand eller svaberg egna for opphald som ligg nær byggefelt eller som har god plass til parkering og som er lett tilgjengeleg, har høgast bruksverdi. Høg verdi har også svaberg som er ein viktig del av det flotte kulturlandskapet/naturlandskapet som kommunen har. Fin strand eller fine svaberg som er mykje nytta av båtfolket, har også høg verdi.

Totalt er 1,7 km, eller 2,4 % av den totale strandsona mot fjorden i kommunen, foreslått lagt ut som friområde som eit felles gode for alle innbyggjarane i kommunen og for tilreisande.

Stad	Kommentar	Planstatus	Km
Solvorn, stranda	Sandstrand. Sentrumsnært, turisme. Foreslått utvida.	Regulert	0,2
Marifjøra, v hotellet	Fylling. Vanskeleg å forsera i dag, men har eit stort potensiale. Sentrumsnært, turisme	Regulert	0,1
Marifjøra, ved elveutløp	Strand. Sentrumsnært. Får betre tilkomst når regulert turveg frå Gaupne til Marifjøra er utbygd.	Regulert	0,1
Gaupne, Røneidsgrandane	Steinplastring mot sjø der ein kan ha tursti oppå. Flott utsikt mot fjorden. Direkte kontakt med fjorden er vanskeleg.	Regulert	0,3
Gaupne, Gaupnegrandane	Fylling. Sentrumsnært. Prioritert område i stadanalyse Gaupne. Viktig område både for fastbuande og turistar. Stort potensiale. Må omregulerast.	Regulert Planen er frå 1984 og bør reviderast.	0,12
Gaupne - Hotlo	Svaberg og naturleg strand. Sentrumsnært. Mykje nytta av turgåarar, turistar og til fiskeing.	Regulert til jordbruk i plan frå 1984. Bør omregulerast.	0,23
Høyheimsvik	Fine svaberg. God parkering. Reguleringsplan viser gangsti mellom fjord og veg som ikkje er bygd. Sentrumsnært, turisme	Regulert	0,16
Luster, badeplassen	Strand. God parkering.	K-plan 2008	0,16
Luster, Ekservollen	Fylling. I dag vanskeleg å komme til sjøen her. Detaljsskisse er utarbeida for området.	Regulert	0,06
Skjolden, stranda	Sandstrand. Parkering og gang samband frå sentrum kunne vore betre. Sentrumsnært, turisme	Regulert	0,18
			1,71 km

10.3 Område utlagt i 2015

a. Aktivitetsområde oppvekstsenter indre Hafslo SOSI 3040

Gjeld skogsområde like ved skulen som i dag vert nytta til leik/uteaktivitetar.

b. Engjadalselvi – friluftsområde SOSI 3040

«Stadanalyse Gaupne» peikar på Engjadalselvi som eit viktig rekreasjonsområde. Elvi har eit potensiale for ein høgare grad av tilrettelegging heilt ned til fjorden. Dette gjeld m.a. tilrettelegging for badeplass i nedste del av elva, auka tilrettelegging for småbåtbåthamn og tursti langs med elva. Mesteparten av området er regulert og er avmerka i arealdelen frå 2008.

Oppfølging:

Det vert utarbeidd reguleringsplan for Engjadalselvi med denne prioritet:

1. Strekinga Gamle-brui ved Kvernelvi - til og med piren i hamneområdet
2. Gamlebrui – Tandlafossen

c. Badeplass, Flategjordsøyane, Gjerde, Jostedalen SOSI 3040

Område som bygdelaget vil opparbeida for badeplass. Føreset opparbeiding av enkel veg på ca 2-300 meter fram til området.

d. Aktivitetsområde, Kroken SOSI 3040

Grendelaga ynskjer å tilretteleggja for aktivitet i område rundt Fjordatunet.

10.4 Landbruk- natur- og friluftsområde. LNF-R (§11-7 nr 5)

Underføremål:

- Areal for nødvendig tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på garden sitt ressursgrunnlag
- Areal for spreidd bustad-, fritid- og næringsbygg.

Føremålet omfattar:

- Reine område for landbruks-, natur-, og friluftsføremål og reindrift (LNF-R) – SOSI-kode 5100. Ca. 98 % av kommunen sitt landareal er sett av til LNF-område. Det aller meste er fjell /utmark.
- LNF-område der spreidd bygging av bustader, fritidsbustader og næringsføremål er tillate
- Det er ikkje tamreindrift i kommunen. I denne planen er det difor brukt LNF som føremålsnemning
- Planen legg opp til netto omdisponering av LNF-område til byggeføremål på ca. 1650 daa
- Forbruk av full dyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite i planperioden er 125 daa

Nytt område:

Det er framlegg om nytt stølsområde på Dulsethaugen. Tiltaket føreset også godkjenning frå Breheimen nasjonalparkstyre.

LNF-område for spreidd bustadbygging som vert vidareført

Stad/område	ID i kommuneplan	Daa	Hus	Hus bygd i perioden	Ledige tomter
Fortun, Drægni	2008-LNF-B1	20	5	0	5
Sørsida, Låvaneset	2008-LNF-B2	10	3	0	
Luster, Dalsdalen	2015-LNF-B1	6	3	0	
Indre-Hafslo, Labakkane	2015-LNF-B2	9	5	0	
SUM		20 daa			

LNF- område for spreidd hyttebygging som vert vidareført vidareførde i denne planen

Stad/område	ID i kommuneplan	Daa	Hytter	Hytter bygd i perioden	Ledige hyttetomter
Hafslo, Heltane	2008-LH1	88	3	0	3
Indre-Hafslo, Øyna	2008-LH2	11	3	0	3
Jostedalen, Myri	2008-LH3	155	10	1	9
Jostedalen, Einehaugen	2008-LH5	82	3	0	3
Leirdalen, Leirdalen 1	2008-LH6	79	3	0	3
Sørsida, Leri	2008-LH7	101	3	0	3
Sørsida, Hovland	2008-LH8	4	3	0	3
Sørsida, Sørheim	2008-LH9	9	3	0	3
Sørsida, Kjøtnes	2008-LH10	125	3	0	3
Indre-Hafslo, Molland	2008-LH11	16	3	0	3
Turtagrø, Helgedalen	2015-LNF-H1	4,5	2	0	2
Turtagrø, Gjessingane	2015-LNF-H2	5	2	0	2
Jostedalen, Elvekrok	2015-LNF-H3	12	4	0	4
Seljesethovden, Dale	2019-LNF-H1	10	5	0	5
SUM		691,5 daa	45	1	44

Nye LNF-område for spreidd hyttebygging utan krav om reguleringsplan i revidert kommuneplan

LNF-område for spreidde fritidsbustader	ID-kommuneplan	Daa	Hytter	Tilråding
Lømyrane, Dalsdalen	2019-LNF-H2	10	3	Tilrådd
Myrteigen, Ytre Eikum	2019-LNF-H3	5	3	Tilrådd
Yngsdalen, Hafslo	2019-LNF-H4	9	3	Tilrådd
Vassvollane, Engjadalen	2019-LNF-H5	0,6	1	Tilrådd

Nye hytteområde med positiv tilråding	SUM	25	10	
---------------------------------------	-----	----	----	--

10.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag og tilhørende strandsone (§11-7 nr 6)

SOSI 6230

Underføremål: ferdsel, farleier, fiske, akvakultur, drikkevatt, natur- og friluftsområde kvar for seg eller i kombinasjon.

Føremålet omfattar i denne planen sjøområde for ferdsel og farleier, båthamn, fiske, drikkevatt, naturområde og friluftsområde kvar for seg eller i kombinasjon. Alle føremål med eller utan tilhørende strandsone.

Bruk og vern av sjø og vassdrag langs fjorden må sjåast i samanheng med lista over friområde langs fjorden kap. 4.3.1.

10.5.1 Småbåthamner

Anlegg for småbåtar av ålmenn karakter.

SOSI-kode 6230

For alle områda gjeld krav til reguleringsplan.

Eksisterande småbåthamner:

ID	6230 Eksisterande småbåthamner	ID	6230 Framlegg til nye småbåthamner
	Hafslo (ferskvatn)		Solvorn – Neset
	Marifjøra		
	Gaupne		
	Høyheimsvik		
	Luster		
	Skjolden		
	Marifjøra		
	Fjøsne		

Solvorn

Ved offentlig ettersyn av KPA 2019 er det lagt ut to alternativ for areal til småbåthamn. Det vert teke stilling til endeleg val av alternativ etter høyringa. Dei to alternativa ligg innafor reguleringsplan Solvorn.

Gaupne

I Gaupne skal spørsmål om båthamn handsamast i reguleringsplan for Engjadalselvi. Området inntil piren og eksisterande båthamn i kring Hotla bør prioriterast for framtidig båthamn i Gaupne.

Fjøsne / Skjolden

På Fjøsne er det lagt ut areal til småbåthamn. Tiltaket føreset reguleringsplan.

10.5.2 Område for fiske

Sosi-kode 6300

Områda er registrerte låssetjingsplassar er vidareførte uendra frå plan 08.

10.5.3 Friluftsområde i sjø

Sosi-kode 6700

Luster kommune har nokre frå område regulert som friluftsområde sjø. Områda er så små og få at dei ikkje er viste i kommuneplanen.

Skipsleia i Sognefjorden er vist som linjesymbol 1161 skipsled.

10.6 Omsynssoner

Ny plan og bygningslov av 2008 innførde ein ny planreiskap: omsynssoner. Omsynssoner kjem i tillegg til planføremålet, og fastset gjennom føresegn eller retningslinjer kva for særlege omsyn som skal gjelda for tiltak i området.

PLBL § 11-8 spesifiserer 6 hovudtypar av omsynssoner: bokstav a-f. I denne planen er soner under a, c, d og f tekne i bruk. Desse er omtalte under. Til soner under a, d og f er det gjeve juridisk bindande føresegner. Til viste soner under c er det gjeve retningslinjer.

Sikrings- og faresoner (PLBL § 11-8 a)	
H110 Sikring av drikkevatn	
H290 Sikring mot støy	Dette er område med mykje støy rundt skytebanar, område med steinknusing, område for motorsport, helikopterlandingsplass og liknande. Støysone fylkesveg er ikkje vist i kartet.
H310 Faresone ras	Desse omsynssonene er IKKJE vist i sjølve plankartet, men i tre ulike temakart som er juridisk bindande. 1: Aktsemd stein- og snøskred 2: Aktsemd jord- og flaumskred 3: Rasfare – med 100-1000 og 5000 års skred
H320 Faresone flaum	Desse omsynssonene er IKKJE vist i sjølve plankartet, men i to ulike temakart som er juridisk bindande. 1: Flaumfare – det er linka til 500 års flaum i Jostedalsvassdraget. (Gaupne vert oppdatert når nytt flaumsonekart føreligg) 2: Havnivåstigning/stormflo – år 2090/200 års stormflo
H350 Faresone eksplosjon og brann	Dette er område rundt bygg med lagring av eksplosjonsfarleg stoff og brannsmitteområde i Solvorn.
H360 Faresoner skytebane	Dette er område rundt skytebane der det er farleg å ferdast.
Soner med særleg angitte omsyn (§ 11-8 c)	
H520 Omsyn villrein	Området omfattar areal som i « <i>Regional plan Ottadalsområdet</i> » er definert slik: <ul style="list-style-type: none"> • Sone A1 – Nasjonalt villreinområde • Sone E – Utvekslingsområde villrein • Viktige trekkområde Retningslinjer fastsett i Regional plan for Ottadalsområdet skal leggjast til grunn for Luster kommune si forvaltning av desse områda. <u>Vest-Jotunheimen villreinområde:</u> Ved planlegging / tiltak skal det takast omsyn til trekkruiter og leveområde for villreinstamma i Vest-Jotunheimen villreinområde.
H530 Omsyn friluftsliv	Innanfor omsynssonene skal friluftsliv ha prioritet. Det bør ikkje tillast tiltak og inngrep som kan øydeleggja verdien til områda som friluftsområde. Områda som er vist som omsynssone er i samsvar med Luster kommune si kartlegging av

	friluftsverdi der område med høgast verdi er vist som omsynssone. Sjå utfyllande forklaring under.
H560 Omsyn naturmiljø	Omsynssona viser dei viktigaste naturmiljøa i kommunen. Viktige naturtypar (DN-handbok 13 og seinare spesifiseringar) er lagt inn. Kjelde www.miljostatus.no
H570 Omsyn kulturminne/kulturmiljø	Planen viser utvalde kulturmiljø som har bevaringsstatus/vernestatus gjennom reguleringsplan eller er bevaringsverdig kulturmiljø som ikkje er regulert eller med i kommuneplan frå 2008. Det bør ikkje tillatast tiltak som kan skada eller redusera kulturminneverdiane i områda.
Soner for bandlegging (jfr. PLBL § 11-8 d)	
H710 Bandlagde område for regulering	Gjeld området rundt Harastølen og Flahamarskjæret.
H720 Bandlagde område etter lov om naturvern/naturmangfald	Sonene viser 14 område som er verna etter naturmangfaldlova. Innanfor sonene er det verneforskrifta som er styrande for all bruk.
H720 Verna vassdrag	Bygningar, konstruksjonar, anlegg eller innhegning skal ikkje førast opp nærare enn 100 m frå verna vassdrag (Feigedalselvi og Mørkrisdalselvi), målt frå strandlinja horisontalplanet ved alminnelig vassstand.
H730 Bandlagde område etter lov om kulturminner	Luster har 212 område som er bandlagt jfr. kulturminnelova §§15 og 19.
H740 bandlagd område avsett som omsynssone jfr energi- og vassdragslova	Gjeld eksisterande og vedtekne større høgspenningsanlegg og transformatorstasjonar og reguleringsmagasin.
Detaljeringszone (jfr. PLBL § 11-8-f)	
H910 Gjeldande reguleringsplan (eiga føresegn)	Sone der gjeldande reguleringsplan med tilhøyrande føresegner framleis skal gjelde. Sjå tabell over desse planane.

DEL II JURIDISK BINDANDE DEL

Juridisk bindande del omfattar føresegner og plankart med omsynssoner (sjå omtale kap 3)

11. Føresegner

Føresegnene:

- er saman med plankartet juridisk bindande for framtidig arealbruk (PLBL § 11-6)
- inneheld både generelle føresegner som gjeld for fleire arealbruksføremål, og særskilte føresegner knytt til det enkelte arealbruksføremålet.
- gjeld ikkje for område der eksisterande reguleringsplan skal gjelda framfor kommuneplanen (omsynssoner etter §11-8,f)
- er utforma i samsvar med reglane i § 11-9 i PLBL, jf. PLBL §§11-7 og 11-8.

Avvik frå føresegnene skal handsamast som dispensasjon, jf. reglane i PLBL § 19.

11.1 Generelle føresegner. PLBL § 11-9

11.1.1 Krav om reguleringsplan.

Areal sett av til bygg og anlegg etter PLBL § 11-7 nr. 1, og samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur etter PLBL § 11-7 nr. 2, skal inngå i ein reguleringsplan før tiltak som krev søknad og løyve etter PLBL §§ 20-1 og 20-2 blir tillate. Dette generelle plankravet gjeld ikkje der det er fastsett noko anna i føresegner knytt til einskilde underføremål.

11.1.2 Rekkeføljekrav.

Areal sett av til bygg og anlegg jf. PLBL § 11-7 nr. 1, kan ikkje takast i bruk før trafikkikker vegtilkomst, vassforsyning, avlaupsanlegg og energiforsyning er etablert.

Heimel: PLBL § 11-9 nr. 4.

Krav knytt til områda:

- Prestegarden, Hafslo: Før utbygging av området kan setjast i gang må det vera bygd gang- og sykkelveg langs fylkesveg 337 frå Hafslo sentrum fram til området
- Solbakken, Hafslo: Før utbygging vert sett i gang må det vera bygd;
 - ny tilkomstveg i området
 - gang- og sykkelveg i samheng med eksisterande gang- og sykkelveg langs austsida av RV55
- Eidsbakkane, Skjolden: Før utbygging i samsvar med reguleringsplan må det vera bygd gang- og sykkelveg som leiar mot Skjolden sentrum.
- Utbygging av bustadområde i Gaupne skal skje i denne rekkefylgja:
 1. Grandmo/ Bruflat
 2. Salen
 3. Grindane 1
 4. Haugen

Heimel: PLBL § 11-9 nr 4

Marifjøra / einebustader (vert planlagt parallelt med Grandmo/Bruflat)

- Gaupne: Reguleringsplanlegging av nye byggeområde i Gaupne sentrum kan ikkje starta før det føreligg ny kartlegging av flaumfare som skal fastsetja sikker byggehøgde i samsvar med tryggleikskrava i *gjeldande byggteknisk forskrift*.

Heimel: PLBL § 11-8 a

11.1.3 Byggegrense langs vassdrag

- a. Av omsyn til både flaumfare og vassdragsmiljøet er det langs både sider av bekkar med oppstraums nedslagsfelt mindre enn om lag 20km², ei byggegrense på 30 meter frå vasskanten målt ved gjennomsnittleg flaumvasstand.
- b. Av omsyn til både flaumfare og vassdragsmiljøet er det på både sider langs elvar med meir enn 20km² nedslagsfelt ei byggegrense på 50 meter. Grunngeving er terrengformasjonar med stigningsforhold (V-dalar) langs mange av vassdraga som gjer at områda vil liggja høgare i terrenget.
- c. Av omsyn til flaumfare er det på både sider langs elvar på flate elve- og bekkesletter ei byggegrense på 80 meter.

Heimel: PLBL § 11-9

11.1.4 Byggegrense for nye område i strandsona

Byggegrense i strandsona er 100 meter dersom ikkje anna er fastsett i reguleringsplan eller kommuneplan. For areal i strandsona sett av til naust i reguleringsplan eller kommuneplan er byggegrense 0 m.

Heimel: PLBL § 1-8, 3. ledd og § 11-9 nr. 5.

11.1.5 Skilt- og reklameinnretningar

Skilt og reklameinnretningar kan berre setjast opp etter løyve frå Luster Kommune. Løyve kan berre gjevast mellombels eller for eit nærare avgrensa tidsrom. I bustadområde er reklameinnretningar ikkje tillate. Elles skal PLBL § 30-3 gjelda.

Heimel: PLBL § 11-9 nr. 5.

11.1.6 Mellombels og flyttbare konstruksjonar og anlegg

Plassar for oppstilling av bubilar og campingvogner med tilknytte fortelt og liknande, kan berre etablerast og opparbeidast etter godkjend reguleringsplan.

Heimel: §11-9 nr. 6.

1.1.1 Kvikkleire

I utbyggingsområde under marin grense skal potensialet for kvikkleireskred utgreiast før oppstart av reguleringsplan.

Heimel: PLBL § 11-9 nr 8

11.1.7 Universell utforming

Prinsippa om universell utforming skal leggast til grunn for planlegging og opparbeiding av bygningar og anlegg for å sikra tilgjenge til bygningar og uterom for alle. Der det er råd, skal gang- og sykkelveggar ha universell utforming. Alle kollektivhaldeplassar skal ha universell utforming.

Viktige utandørs gang samband skal vera trinnfrie med største stigning 1:12, så langt terrenget gjer det mogeleg.

Heimel: §§1-1 og 11-9 nr. 5.

11.1.8 Utbyggingsavtalar

Luster kommune ønskjer å legge til rette for vekst og utvikling i kommunen. Utbyggingsavtale etter PLBL § 17 mellom kommunen og grunneigar eller utbyggjar, kan nyttast i heile kommunen i samband med tiltak som føreset bygging av anlegg til offentlege føremål eller tilpassing til slike anlegg. Avtalen skal ha grunnlag i vedteken kommunal arealplan. Avtalen kan innehalda føresegnar om veggar og parkeringsplassar, grønstruktur og friluftsområde, VAR-løysingar og forkjøpsrett til bustader.

Heimel: PLBL §§ 11-9 nr.2 og 17-3

11.1.9 Gjeldande reguleringsplanar

Reguleringsplanar er viste som omsynssone H 910 på plankartet. Sjå føresegn 12.7.4 Omsynssone

Heimel: PLBL §11-8, f sjekk

11.1.10 Byggegrenser langs høgspenninger

Sosi-kode 1167 (linjesymbol)

Avstandar under er målt horisontalt ut frå straumførande linje.

Spenningsnivå	22Kv	66Kv	300 Kv
Minste byggeavstand	6.0m	6,2m	8,3
Krav om ROS-vurdering* for bygningar for varig opphald nærare enn:	18m	25m	70m

*(jf. Statens strålevern: « Bolig nær høyspentanlegg»)

Heimel: PLBL § 11-9 nr.5

11.1.11 Avkøyrslar og byggegrenser langs riks- og fylkesveggar

Den til ei kvar tid gjeldande rammeplan for avkøyrslar og byggegrenser på riks- og fylkesveggar i Region Vest skal leggjast til grunn for handsaming av avkøyrslar- og byggegrensesaker

Heimel PLBL §11-10 nr 4

11.2 Bygningar og anlegg jf. PLBL § 11-7 nr. 1 og nr 5

Føremålet omfattar bustader, fritidsbustader og naust, offentleg og privat service, forretningar, kontor- og næringsbygg, idrettsanlegg, anlegg for råstoffutvinning og andre bygningar og anlegg.

Generelle vilkår:

Fareområder

Som føresetnad for bygging må det gjennom fagrappport dokumenterast, at tiltaket stettar sikringskrava i gjeldande byggeteknisk forskrift

VVA

Det må sikrast tilgang til drikke- og sløkkjevatt, godkjent avløpsløyving og sikra lovleg tilkomst til veg som er opne for alminneleg ferdsel jfr plbl §§27-1, 27-2 og 27-4.

11.2.1 Bygningar og anlegg.

Sosi-kode 1001.

Reguleringskrav i eksisterande byggeområde(fortetting)

I delvis utbygde område avsette til bygningar og anlegg etter PLBL §11-7 nr. 1, kan det gjevast løyve til nye byggetiltak utan regulering, dersom nye bygg kan nytta seg av eksisterande infrastruktur og transportsystem. I utbygde bustadområde er omfanget av tiltaket er avgrensa til maks 2 bustader. Maksimalt tillate bygd areal er 200 m², rekna som BRA.

Det er eit vilkår at nye bygg blir innpassa i eksisterande struktur, og underordnar seg eksisterande bygg når det gjeld høgde, volum og grad av utnytting. Tiltaket skal knyte seg til eksisterande tekniske anlegg.

Heimel: PLBL § 11-10. nr 1.

Fritak for reguleringskrav for mindre tiltak

På bebygd eigedom på areal sett av til bygningar og anlegg (§11-7 nr.1) kan det gjevast løyve til mindre tiltak etter PLBL § 20-2a utan reguleringsplan. Dette gjeld tilbygg, påbygg, frittstående uthus/garasje, andre mindre anlegg som høyrer til bustaden/tunet/anlegget.

Heimel: PLBL § 11-10 nr. 1

11.2.2 Bustader

Sosi-kode 1110

Føremålet omfattar byggeområde for bustader med tilhøyrande tekniske anlegg, garasje, uthus, vegar, parkeringsplass og anna fellesareal, jf. PLBL § 11-7, nr. 1.

Utnyttingsgrad i nye bustadområde.

ID i plan	Bustadområde	Daa	Hus/bueiningar
B1	Gaupne, Grindane 1	16	40
B2	Marifjøra/Marheim	32	30
B3	Indre-Hafslo, Vinda	20	20
B4	Hafslo, Solbakken (areal inkludert eksisterande bustadhus i området)	28	
B5	Hafslo, Flatane (utviding av området)	3	5
B6	Sørsida, Ornes, Bakkane (omregulering)	36	20
B7	Gaupne, Grandmo	24	56
B8	Gaupne, Haugen	9	22
B9	Lustraporten, Hafslo	6	60

Heimel: PLBL § 11-9, nr. 5.

Leikeareal i bustadområde.

Leikeareal skal vere store nok og eigna for leik og opphald heile året, og sikra mot støy, ureining, trafikkfare og annan helsefare. Leikeplassar skal vere sentralt plassert i bustadområdet, med trygg tilkomstveg.

Det skal setjast av minimum 50 m² til leikeareal pr. bueining i område for frittliggjande bustader. I områder for konsentrert busetnad skal det setjast av minimum 25 m².

Leikeområde / friområde skal opparbeidast samstundes med anna infrastruktur i området.

Heimel: PLBL § 11-9 nr. 5

Krav til biloppstillingsplassar.

Reguleringsplanar for bustadområde skal innehalde krav til tal biloppstillingsplassar pr. bueining. I uregulerte område er det krav om 2 biloppstillingsplassar pr. bueining, bilar må kunne snu på eigen grunn. Felles biloppstilling skal opparbeidast samstundes med anna infrastruktur i området.

Heimel: PLBL § 11-9 nr. 5 og nr 4.

Småbåthamn - biloppstilling

Det skal opparbeidast minimum 0,3 P-plass pr. båtplass på land der det vert etablert småbåthamn.

Heimel: PLBL § 11-9 nr

11.2.3 Fritidsbustader og naust.

Sosi-kode 1120

Føremålet gjeld byggjeområde for fritidsbustader med tilhøyrande teknisk anlegg, garasje, uthus, vegar, parkering og anna fellesareal, jf. PLBL § 11-7 nr. 1

Generelle føresegner for fritidsbustader

Når ikkje anna er fastsett i kommuneplanen eller godkjend reguleringsplan, gjeld fylgjande:

- Brutto bruksareal (BRA) for ein fritidsbustad er maksimum 110 m², inkludert evt. uthus og anneks, men utan areal til biloppstilling.
- Største areal for hovudbygning er 100 m² BRA
- Anneks skal ha avstand mindre enn 6 m frå hovudbygning.
- Taktekking skal vera av ikkje-reflekterande materiale.
- Gesimshøgde skal ikkje vera over 3,5 m, og mønehøgde skal ikkje vera over 6 m over ferdig terreng. Synleg del av grunnmur skal ikkje overstiga 1,0 m.
- Framføring av evt. leidning for el/teleininstallasjonar skal skje i kabel lagt i bakken.
- Oppsetting av gjerde er ikkje tillate ut over naudsynt skjerming av inngangsparti for husdyr. Største inngjerda areal er 15 m².

- Til kvar hytte skal det vera opparbeidd P-plass for min. 2 bilar, med godkjent avkjørsle frå offentleg veg. P-plass kan vera felles for fleire hytter/brukarar.
- Fritidsbustader skal i form, farge og materialbruk vera tilpassa og ta omsyn til omliggjande natur- og bygningsmiljø.
- Skjering/fylling i samband med byggearbeid skal dekkast og tilsåast/plantast med stadeigen vegetasjon.
- Det kan ikkje førast opp fritidsbustader utan at det vert opparbeid eigen parkeringsplass utanfor offentleg veg i samband med hytta/-ene. Det vert sett krav om 1 P-plass pr. hytte utanfor regulerte felt.

Heimel: PLBL §§ 11-9 nr. 5 og 11-10 nr. 2

Reguleringsplan for fritidsbustader

Reguleringsplan for fritidsbustader skal syna/gjera greie for:

- Kotehøgder, plassering av bygningar, avkjørsle, parkering og tilkomstveg til hyttene.
- Terreng og vegetasjon før og etter utbygging.
- Framføring/løysing av vassforsyning, avløp og evt. el/teleinstallasjonar

Heimel: PLBL § 11-9 nr. 8

Generelle føresegner for naust.

Naust er bygning for oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiskereiskap.

Det er ikkje høve til å omdisponera eller nytta naust som fritidshus eller bustad.

Når ikkje anna er fastsett i reguleringsplan eller kommuneplan gjeld fylgjande føresegner for naust:

- Naust skal ha største bebygd areal 50 m² og saltak med takvinkel mellom 28 og 45 grader.
- Altan, utkraging, takoppløft eller ark er ikkje tillate.
- Ytterflater skal ikkje ha reflekterande kledning.
- Topp møne skal vere maksimum 5 meter frå lågaste golvnivå eller frå normalt høgvatn.
- Vindaugsarealet si dagslysflate skal ikkje overstige 5 % av hovudplanet sitt bruksareal.
- Det er ikkje tillate med gjerde/levegg eller andre stengsler ved naust.
- Det skal opparbeidast minimum 0,3 P-plass pr. naust der det kan oppførast naust og der naustet ikkje ligg i gangavstand frå bustadhus/hytte som nyttar naustet. Minste tal P-plassar er 1.

Heimel: PLBL § 11-10 nr. 2

11.2.4 Sentrumsføremål

Sosi-kode 1130

Føremålet gjeld sentrumsområde med tilhøyrande sentrumsfunksjonar som forretningar og kontorbygg, offentleg og privat service, bustad, turistføremål, grøntområde og infrastruktur, jf. PLBL § 11-7 nr. 1

I område for sentrumsføremål er det tillate med kombinerte bygg for kontor/forretning/bustad.

Ålment tilgjenge skal ha fortrinnsrett på gatenivå og skal vere planlagt i tråd med krav til universell utforming.

Heimel: PLBL § 11-9 nr. 5.

Regulering Gaupne sentrumsområde

Gaupne sentrumsområde skal regulerast med krav til høg utnytting, og inntil 4 etasjar byggehøgde. 1.etasje skal ikkje nyttast til bustad.

Heimel: PLBL 11-9 nr. 5

11.2.5 Offentleg eller privat tenesteyting

Sosi-kode 1160

Føremålet omfattar skule, barnehage, Bygg for helse og omsorg, kyrkjer og organisasjonseigde forsamlingslokale .

Område for offentlege bygg/føremål er merka med «O» på plankartet.

Heimel: §11-10 nr. 3

Minste byggeavstand

60 Meter til freda og listeførde kyrkjer er vist på plankartet med byggegrense/omsynssone

11.2.6 Fritids- og turistføremål

Sosi-kode 1170

Føremålet omfattar hotell/pensjonat, utleiehytter, campingplassar, turisthytter.

Campingplassar.

Oppføring av bygningar og anlegg medrekna spikartelt og liknande er søknadspliktig, jf. også reglane i § 1.6. Campingplassar skal ha godkjend reguleringsplan.

11.2.7 Råstoffutvinning.

Sosi-kode 1300

Drift skal skje i medhald av føresegn i minerallova med gjeldande forskrifter, og vilkår i løyve etter lova. Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) er myndigheit etter minerallova.

11.2.8 Næringsområde

Sosi-kode 1300

Føremålet gjeld område for etablering av næringsverksemd med tilhøyrande teknisk anlegg, vegar, parkering og anna fellesareal, jf. PLBL § 11-7 nr.1

Det skal etablerast buffersoner med vegetasjon mellom næringsområde og nærliggjande område for bustader og/eller offentlege føremål. Der buffersoner ikkje er avsette som eigne areal i reguleringsplan, skal dei etablerast på areal avsett til næringsareal. PLBL § 11-9 nr. 6

11.2.9 Idrettsanlegg

Sosi-kode 1400

Føremålet omfattar alle anlegg med «*idrettsfunksjonell godkjenning*».

Mindre tiltak kan tillast utan reguleringsplan: rydding og opparbeiding av skiløyper og stiar, mindre bygg inntil 50 m² BYA, og mindre anlegg for idrett og friluftsliv.

Heimel: §11-10 nr.1

11.2.10 Andre typar bygg og anlegg

Sosi-kode 1500

Massedeponi

På område regulert til massedeponi, kan det leggjast til rette for komposteringsanlegg (grønkompost), masselager for mellomlagring av massar og permanente massedepot. Det kan oppførst mindre bygg som er naudsynte for drifta av området/ anlegget.

For permanente anlegg skal det liggja føre godkjend reguleringsplan. Reguleringsplan skal innehalde krav om driftsplan som skal regulere tilhøva under og etter driftsperioden.

Heimel: PLBL § 11-9 nr. 8.

11.3 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur - PLBL § 11-7 nr.2

Føremålet omfattar offentlege vegar og offentleg parkeringsareal, hamner og tekniske anlegg.

Framtidige vegar i plankartet

Framtidige vegar er viste på plankartet med linjesymbol og ID . Vist trasé rettleiande. Endeleg trase skal vera avklara i overordna kommunedelplan eller reguleringsplan.

Heimel PLBL §11-9 nr. 8

Handsaming av overflatevatn

Statens vegvesen sine gjeldande normer for Vegbygging – vert lagt til grunn for berekning knytt til hydrologi
Heimel PLBL 11-9 nr 8

11.3.1 Avkøyringar til nye byggeområde

Turtagrø - Næringsbygg

Tilkomst til tomta skal skje frå Tindevegen og skal vera opparbeidd før arbeid på tomta startar. Avkøyrsla skal vera godkjend av Statens Vegvesen

11.4 Landbruks- natur- og friluftsområde. (§ 11-7 nr. 5)

Sosi-kode 5100

11.4.1 Føremålet gjeld landbruks- natur og friluftsområde

med nødvendige tiltak for landbruk og gardsbasert næringsverksemd basert på garden sine ressursar, jf. PLBL § 11-7 nr. 5 bokstav a

11.4.2 Byggegrense i strandsona for tiltak i landbruket

Naudsynte bygningar og anlegg knytt til landbruksverksemd kan oppførast i 100-metersbeltet langs sjøen dersom bygning vert plassert i tilknytning til eksisterande tun/gardsanlegg. Unntak frå plassering i tilknytning til eksisterande tun/gardsanlegg kan gjerast for tiltak som er knytt til bruk av sjøen.

Heimel: PLBL § 11-11 nr. 4

11.4.3 Bygningar i stølsområde.

- Oppføring av stølshus kan berre tillatast på/i tilknytning til etablerte stølar og i samband med landbruksnæring.
- Bygningar skal i form, materialbruk og fargebruk vera i samsvar med lokal byggeskikk i stølsområde.
- Største byggegrunnflate for einskildbygg skal vera 50 m², og største gavlbreidde 5 m.
- Evt. produksjonsbygg kan vera større.
- Bygningar skal ha saltak med fall 25-40 grader, og tekking av ikkje-reflekterande materiale.
- Gesimshøgde skal ikkje vera over 3 m over terreng, og mønehøgde skal ikkje vera over 5m over terreng.
- For bygningar på eksisterande grunnmur kan større høgder godkjennast.
- Ytterkledning skal i hovudsak vera liggjande panel av tre.
- Oppsetting av gjerde er ikkje tillate ut over naudsynt skjerming av inngangsparti for husdyr, og etablerte stølsgardar .

Heimel: PLBL § 11-11 pkt.1(jf. 11-7 nr 5 og 6)

11.4.4 Ytre Eikum, LNF-spreidd utbygging fritidsbustader

1. Dokumentasjon frå geolog med sikkerheitskrava i gjeldande byggtknisk forskrift.
2. Det vert sett av ei 50 meter brei sone langs fjorden for ålmenne interesser
3. Det kan byggjast ei felles brygge for hytter og dagsturhytte i området.
4. Bygningane skal i form, materialbruk og fargebruk ver i samsvar med lokal byggeskikk
5. Største byggegrunnflate for einskildbygg skal vera maks 50m2 og største gavlbreidde 5 meter
6. Bygningar skal ha saltak med fall 25 -40 grader, og tekking med ikkje reflekterande materiale
7. Gesimshøgde skal ikkje vera over 3 meter over terreng, og mønehøgde skal ikkje vera over 5 meter over terreng
8. Ytterkledning skal i hovudsak vera liggjande panel av tre
9. Oppsetjing av gjerde er ikkje tillate
10. Heimel: PLBL §11-11 pkt 2 jfr PLBL §11-7, nr 5 pkt b

11.4.5 Dulsethaugen – stølsområde

1. Område på Dulsethaugen vert vist som omsynsone LNFR-landbruk jfr PLBL § 11-7 nr 5 pkt a
2. Området skal kartleggjast av fagkunnig biolog og endeleg avgrensing av stølsområde vert fastsett på bakgrunn faglege tilrådingar (PLBL 11-9 nr 6??)

3. På bakgrunn av naturfagleg tilråding skal kommunen i samråd med nasjonalparkforvaltninga, fastsetja tomteplan før fyrste byggesak, med fylgjande vilkår:
- I området kan det byggjast inntil 5 sel knytt til landbruksdrifta. Jfr PLBL §11-11 pkt 1
 - Nye sel skal ha same storleik og utforming som det gamle selet – jfr verneforskrifta §3 del 1.3f
 - Maks avstand mellom sela er 15 meter
 - For å samla bygningane skal det fastsetjast ei utbyggingsrekkefylgje i tomteplanen.

Heimel: PLBL §11-11 pkt 1 jfr PLBL §11-7, nr 5 pkt a

11.4.6 LNF – areal for spreidd bustadbygging

I fylgjande område kan det tillatast eit avgrensa tal bustader:

Stad/område	Daa	Maks tal hus
Fortun, Drægni	20	5
Indre-Hafslo, Labakkane	9	5
Luster, Dalsdalen	6	3
Sørsida, Låvaneset	10	3

11.4.7 LNF – areal for spreidd hyttebygging

I fylgjande område kan det tillatast eit avgrensa tal hytter:

Stad/område	Daa	Makstal hytter
Fortun, Gjessingane	5	2
Fortun, Helgedalen	5	2
Hafslo, Heltane	88	3
Indre-Hafslo, Seljesethovden	10	5
Indre-Hafslo, Molland	16	3
Indre-Hafslo, Øyna	11	3
Jostedalen, Einehaugen	82	3
Jostedalen, Elvekrok	12	4
Jostedalen, Myri	155	10
Leirdalen, Leirdalen 1	79	3
Sørsida, Hovland	4	3
Sørsida, Kjøtnes	125	3
Sørsida, Leri	101	3
Sørsida, Sørheim	9	3
Nye område KPA 2019:		
Lømyrane, Dalsdalen	10	3
Myrteigen, Ytre Eikum	5	3
Yngsdalen, Veitastrondsvatnet	9	3

Heimel: PLBL §11-7 nr 5b, §11-11 nr 2

11.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone

(§ 11-7 nr. 6)

11.5.1 Småbåthamn

Sosi-kode 6230

Gjeld område avsette til småbåthamn med tilhøyrande kaiar, flytebrygger, naust og servicebygg, og naudsynt manøverareal. For småbåthamner gjeld krav til reguleringsplan.

Heimel: PLBL § 11-9 nr. 1

11.5.2 Ferdsel og farleier

Sosi-kode 6100 og 6200.

Gjeld etablerte skipsleier i sjø og ankringsplassar. Tiltak og aktivitet på områda som kan vera til hinder for ferdsle er ikkje tillate. Planlagde tiltak i nærleiken av skipsleier skal leggjast fram for Kystverket før løyve vert gjeve.

Heimel: PLBL § 11-11 nr. 6

11.5.3 Friluftsområde i sjø

Sosi-kode 6700

Gjeld område for friluftsliv i strandsona: Bading, fritidsfiske, utfart og liknande. Naturvenleg tilrettelegging for allmenne friluftsting er tillate. Tiltak som kan redusere verdien av området for friluftsliv er ikkje tillate.

Heimel: PLBL § 11-11 nr. 3 og 6

11.5.4 Fiske /lås plassar

Sosi-kode 6300

Gjeld etablerte låssetjingsplassar for brisling. I områda har tradisjonelt fiske førerrett framfor andre aktivitetar

Heimel: PLBL § 11-11 nr. 7

11.6 Omsynssone skred- og flaumfare

Omsynssonene er vist i temakart med kode H310 og H320:

- H310 Fareområde Skred i bratt terreng
- H310 Aktsemdsområde for Snøskred og steinsprang
- H310 Aktsemdsområde for Jord- og flaumskred
- H320 Fareområde for flaum
- H320 Havnivåstigning/stormflo – år 2090/200 års stormflo

11.6.1 Fareområde for skred H310

Omsynssona viser område der reell fare for skred er kartlagt i samsvar med tryggleikskrava i *gjeldande byggteknisk forskrift*

11.6.2 Aktsemdsområde for skred H310

Omsynssonene viser område med potensiell fare for skred og krev vurdering av reell skredfare ved regulering eller tiltak etter plbl § 20.

11.6.3 Fareområde flaum H320

Omsynssona viser område som er kartlagt for flaumfare.

Tryggleik mot flaum skal stette krava i *gjeldande byggteknisk forskrift*

For flaumfarekart utan klimapåslag skal det takast omsyn til forventa auke i flaumnivå

Sikring mot flom og stormflo jfr gjeldande byggteknisk forskrift

1. Byggverk der konsekvensen av ein flaum er særleg stor, skal ikkje plasserast i flaumutsett område.
2. For byggverk i flaumsett område skal det fastsetjast sikringsklasse for flaum etter tabellen under. Byggverk skal plasserast, dimensjonerast, eller sikrast mot flaum slik at største nominelle årlege sannsyn i tabellen ikkje vert overskriden. Dersom det er fare for liv, vert sikringsklasse fastsett som for skred, jf. § 7-3

Sikringsklasse for flaum	Konsekvens	Største nominelle årlege sannsyn
F1	Liten	1/20
F2	Middels	1/200
F3	Stor	1/1000

Tabell: Sikringsklassar for byggverk i flaumutsett område

3. Fyrste og andre ledd gjeld tilsvarande for stormflo
4. Byggverk skal plasserast eller sikrast slik at det ikkje oppstår skade ved erosjon
5. Sikringsklasse F1 omfattar også fylgjande tiltak der tiltaket ikkje fører til redusert personsikring og ikkje omfattar etablering av ny brukseining:
 - a. Eitt tilbygg eller eitt påbygg inntil 50m² BRA i byggverket si levetid
 - b. Bruksendring og ombygging inntil 50m² BRA

Bestemmelsen omfattar ikkje tiltak som fører til etablering av verksemd som inngår i §7-2 fyrste ledd.

(Heimel PLBL § 11-8 a)

11.7 Omsynssoner PLBL § 11-8 a, c og f

Omsynssoner kjem i tillegg til planføremålet, og fastset gjennom føresegn eller retningsliner kva for særlege omsyn som skal gjelda for tiltak i området.

- I denne planen er soner under PLBL§11-8 a, c, d og f tekne i bruk. S(sjå kap 11.6)
- Til soner under PLBL§11-8 a, d og f er det gjeve juridisk bindande føresegner.
- Til viste soner under PLBL§11-8 c) er det gjeve retningsliner. (kap 13.1)

11.7.1 Omsynssone: sikring-, støy- og faresoner (§11-8a)

Sikringsone for drikkevatt. H110

I område nedslagsfelt for drikkevatt kan det ikkje setjast i verk tiltak etter PLBL §1-6 utan godkjend reguleringsplan. Unnatak er opprusting og utbygging med inntil 15 m² BRA av eks. fritidshus. Fritidshus skal ikkje ha innlagt vatn eller avløpsanlegg til terreng eller vassdrag.

Heimel PLBL § 11-8 a)

For nybygg med kjellar på område som ligg inntil og mindre enn 2,5 m høgare enn flaumsona, må det liggja føre dokumentasjon for at kjellar er /vert sikra mot inntrenging av vatn, før løyve kan gjevast.

Faresone støy H290

Gjeld t.d. massetak, skytebane, helikopterlandingsplass, motorsportbane, fylkesveg. Det skal utarbeidast støysonekart for alle områda. Støysone vist i kart er for det meste illustrasjonar.

Faresone brann H350_1

Solvorn Brannmitteområde: Søknad om tiltak i området skal leggjast fram for brannvesenet til uttale.

Heimel PLBL § 11-8 a)

Faresone – Fare eksplosjon H350_2

Det er ikkje tillate å gjennomføra tiltak i faresona.

Heimel PLBL § 11-8 a)

Faresone skytebane H360

Gjeld fareområde og støysone rundt alle skytebanar.

Det skal føreliggja faresoner og støysonekart for alle skytebaner. Større anlegg skal ha reguleringsplan.

Heimel PLBL § 11-8 a)

11.7.2 Omsynssone med særlege omsyn (§11-8c)

Sosi-kode 1121 – bandlegging

Omfattar område som skal bandleggast etter PLBL eller som er bandlagd etter anna lovverk

Naturmangfaldslova. H720

Gjeld område i Luster kommune som er verna etter Naturmangfaldslova:

H720_1	Luster Allmenning naturreservat.
H720_2	Jotunheimen Nasjonalpark
H720_3	Jostedalsbreen nasjonalpark
H720_4	Utladalen landskapsvernområde
H720_5	Hafslovatnet fuglefredingsområde
H720_6	Breheimen nasjonalpark
H720_7	Mørkridsdalen landskapsvernområde.
H720_8	Vigdalen landskapsvernområde
H720_9	Loi naturreservat
H720_10	Bargarden naturreservat
H720_11	Drægnismorki naturreservat
H720_12	Ytamoen naturreservat
H720_13	Yngsdalen naturreservat
H720_14	Nigardsbreen naturreservat

Tiltak i områda skal ikkje vera i strid med gjeldande føresegnar for områda.

Heimel PLBL §11-8 d

Verna vassdrag

Bygningar, konstruksjonar, anlegg eller innhegning skal ikke førast opp nærare enn 100 m frå verna vassdrag (Feigedalselvi og Mørkridsalselvi), målt frå strandlinja i horisontalplanet ved alminnelig vannstand.

Forskrift om Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag (RPR) skal leggjast til grunn i planarbeid knytt til desse vassdraga.

For å oppnå måla, må det særleg leggjast vekt på å:

- unngå inngrep som reduserer verdien for landskapsbilde, naturvern, friluftsliv, vilt, fisk, kulturminne og kulturmiljø
- sikra referanseverdien i dei mest urørde vassdraga
- sikra og utvikla friluftslivsverdiane, særleg i område nær befolkningskonsentrasjonar
- sikra verdien knytt til førekomstar / område i de verna vassdraga sitt nedbørsfelt som det er faglig dokumentasjon på har verdi for vassdraget sin verneverdi
- sikra dei vassdragsnære områda sin verdi for landbruk

Omsynssone – område bandlagde etter Kulturminnelova. H730 (§ 11-8d)

Gjeld område i Luster kommune som er freda etter Kulturminnelova:

Freda og listeførde kyrkjer og mellomalder kyrkjegardar

	Lokalitet	Askeladden - RA	Status kulturminnelova / kyrkjelova	Reguleringsplan
H730_1	Urnes stavkyrkje med kyrkjegard	Id-85729	Automatisk freda	Regulert spesialomr.
H730_2	Dale kyrkje, Luster	Id-84013-1	Automatisk freda	Regulert spesialomr.
H730_3	Dale kyrkjegard	Id-84013-2	Automatisk freda	
H730_4	Jostedal kyrkje, Jostedalen	Id-84744-2,3	Listeført	
H730_5	Gaupne Kyrkje, Gaupne	Id-84095-1	Listeført	Regulert
H730_6	Gaupne gamle kyrkje, Gaupne	Id-84236	Automatisk freda	
H730_7	Joranger kyrkje, Indre Hafslo	Id-84743-1,2	Listeført	
H730_8	Fet kyrkje, Indre Hafslo	Id-84129-1,2		
H730_9	Nes kyrkje, Nes	Id-85525	Listeført	
H730_10	Hafslo kyrkje, Hafslo	Id 84459		
H730_11	Fortun kyrkje, Fortun	Id-84152-2		
H730_12	Fortun gamle kyrkjegard	Id-35864	Automatisk freda	

H730_13	Solvorn kyrkje, Solvorn	Id-85525	Listerført	Regulert
H730_14	Solvorn gravplass	Id-84129	Automatisk freda	
H730_15	Saude kyrkjestad	Id-55201	Automatisk freda	

Vedtaksfreda bygg og anlegg

H730_16	Luster Prestegard – hovudbygning, stabbur og lysthus	Id-87330-1,2 og 3	Vedtaksfreda	Regulert spesialområde
H730_17	Christianeslyst sorenskrivargard, Solvorn	Id-86672-1,2,3,4,5,6,7 og 8	Vedtaksfreda	Regulert spesialområde
H730_18	Flahamar – hovudbygning	ID-87365	Vedtaksfreda	
H730_19	Bensinstasjon Skjolden	Id-87334	Vedtaksfreda	Regulert bygningsvern
H730_20	Ormelid bygningar og kulturlandskap	Id-132245-1,2,3,4,5,6,7,8,9,10,11 og 12	Vedtaksfreda 1-6, 7-9 ligg i freda område	

Mellomalderkyrkjestadane Fortun, Saue, Fet, Hafslo, Joranger, Jostedal, Nes og Solvorn:

Den mellomalderske kyrkjegarden er eit automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging.

Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verka inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova.

Dale kyrkje, Gaupne kyrkje og Urnes stavkyrkje er automatisk freda kyrkjer. Bygging nærare kyrkja enn 60 meter er ikkje tillate etter kyrkjelova § 21 femte ledd, utan løyve frå biskopen. Saker som gjeld Dale kyrkje, Gaupne kyrkje og Urnes stavkyrkje eller omgjevnadene deira skal handsamast av Riksantikvaren som fattar vedtak etter kulturminnelova. Ved all planlegging av tiltak i omgjevnadane til kyrkja skal ein ta omsyn til plasseringa til kyrkja og verknaden i landskapet.

Bandlegging for freding jfr kulturminnelova H730

Gjeld område som skal fredast jfr kulturminnelova §§15 og 19:

H730_21 Wittgenstein – oppstart av fredingssak i 2019

Heimel PLBL §11-8 d

11.7.3 Omsynssone - bandlegging etter PLBL eller anna lovverk (§ 11-8d)

Bandlegging for regulering H710

Gjeld område som er bandlagt for regulering etter plan- og bygningslova.

Bandlegginga gjeld inntil 4 år frå vedteken kommuneplan.

H710_1 Harastølen – Det bør gjerast ei totalvurdering av kulturverdiane i området ved oppstart av reguleringsplanarbeidet. Det er søkt departementet om forlenging i inntil 4 år

H710_2 Flahamarskjeret. Regulering for bevaring av naturmiljø, hekkeplass sjøfugl.

Heimel: § 11-8 d

Bandlegging jfr vassdragslova H740_1

Gjeld etablerte reguleringsmagasin som er handsama etter vassdragslova. Områda med omsynssone er avsett i plankartet.

Heimel PLBL §11-8d

Bandlegging jfr energilova H740_2

Gjeld eksisterande og vedtekne større høgspenningsanlegg og transformatorstasjonar som er handsama etter energilova. Områda med omsynssone er avsett i plankartet.

Heimel PLBL §11-8d

11.7.4 Sone for vidareføring av reguleringsplan (§11-8f)

Sone der gjeldande reguleringsplan framleis skal gjelde. H910

I desse områda skal vedteken reguleringsplan gjelda framfor kommuneplanen.

Andre nasjonale og regionale interesser:

For planar som er 10 år eller eldre og som ikkje er realiserte, er planane vurderte ut frå nasjonale og regionale interesser. Dette gjeld bl.a. forureina grunn, støy, naturmangfald, vassmiljø, kulturminner og kulturmiljø, kulturhistoriske verdiar og naturmangfaldverdiar knytt til landskap, friluftsliv, strandsone langs sjø og vassdrag, verna vassdrag og storulykkebedrifter. Det er nytta ulike kunnskapsgrunnlag som gjeld dei tema som er aktuelle. Mange av desse finn ein i fylkesatlas. NVE sine karttenester og «Se havnivå» er også nytta. Luster kommune har nyleg registrert og verdsatt område med friluftsverdi i kommunen. Denne kartlegginga finn ein på kommunekart.

Vurdering av flaumfare

Det er utarbeida flaumsonekart i Luster kommune for områda Gaupne, Myklemyr og Fossøyane.

Flaumsonekartlegginga er frå 2001 og er ikkje oppdatert i samsvar med krav i gjeldande byggteknisk forskrift og dei har ikkje klimapåslag.

Elva Jostedøla skal i følge klimaprofilane for Sogn og Fjordane frå 2017 ha eit klimapåslag på 20%. Dei flaumsonevurderingane som er gjort i samband med gjennomgang av reguleringsplanen er gjort av Luster kommune v/plan ut i frå eksisterande flaumsonekart og nærleiken til bekk, elv og fjord. Det vert i 2019 utarbeida nytt flaumsonekart for kommunesenteret Gaupne.

Gjeldande reguleringsplanar pr. 01.03.2019 i Luster Kommune:

Oversikt over alle reguleringsplanar i Luster kommune pr. 13.02.2019

Planar merka med gult er eldre enn 10 år og ikkje realisert/utbygd

Plan-ID/ Vedtaks- år	Off/ priv.	Plannamn	Merknad/status januar 2019	Tek 17 klasse	Flaum/ stormflo	Skred	Nasjonale/ Regionale inter.
Fortun							
1992002	0	Hovudraste plass "Oscarshaug"	Raste plass og toalett. Utbygd.	F1, S1	Ikkje aktuelt	Skredsikkert.	
2005001	P	Storhaug	Hytteområde – 54 tomter. 8 er utbygd.	F2, S2	Ikkje aktuelt	Skredsikkert.	
Skjolden							
1978002	0	Bolstadmoen del I og II	36 einebustadtomter, 7 enno ikkje bebygd, bedehus. Delar av planen er erstatta av Bolstadmoen – nedre del, Bolstadmoen øvre del og Bolstad 20-201.	F2, S2	Flaumfare på vegen til Mørkridsdalen. Alternativ omkøyringsveg finnes.	Nokre av dei ubygdde tomtene er delvis innafor S2. Ei ubygd tomt går delvis innpå S1.	
1995006	O	Skjolden	Sentrumsplan med Skjolden hotell og Coop og nokre bustader. Er utbygd. Delar av planen er erstatta av Kaldnes syd.	F2, S3	Nedre deler av hotellområdet er utsett ved stormflo.	Skredsikkert.	
2004002	P	Kaldnes syd	Kai og hytteutleige. Utbygd. Erstatter deler av Bolstadmoen del I og II.	F2, S3	Området mellom fylkesvegen og fjorden er utsett ved stormflo.	Skredsikkert.	
2006001	O	Bolstadmoen – nedre del	Plan for Skjolden oppvekstsenter (barneskule og barnehage) og 33 einebustadtomter – 5 tomter er enno ikkje bebygde. Erstatter deler av Bolstadmoen del I og II. Deler erstatta av Bolstadmoen øvre.	Oppvekstsenter F2 og S3 Einebustader F2 og S2	Flaumfare på vegen til Mørkridsdalen. Alternativ omkøyringsveg finnes.	Nokre av dei ubebygde tomtene og nokre av dei bebygde tomtene er heilt eller delvis innafor S2. S1 grenser inn til og går delvis innpå S1.	
2006004	O	Gullringen – fylkesveg	Fylkesveg 55. Tunnel er bygd.				
2009009	P	Skjolden brygge og cruisebåthamn	Utleiehytter og kai er bygd. Erstatter eldre plan med same namn.	F2, S3		Rasvernvoll, S4, er bygd.	
2011005	0	Bolstadmoen øvre	Bustadområde med 15 tomter for einebustad, 4 med eksisterande bustader og 3 tomter for konsentrert bustadbygging. Utbygging har ikkje starta. Erstatter deler av Bolstadmoen I og II.	F2, S2	Ikkje aktuelt	Ei einebustadtomt i feltet B4 ligg innafor skredsone S2.	
2013001	P	Tursti Nymoene-Vadøyane	Tursti, ikkje byggeområde. Store deler er bygd, men ikkje heilt ferdig langs vatnet.		Flaumfare må akseptertast		

2015002	P	Bolstad 20-201	Bustad. Bygging har starta. Erstattar del av Bolstadmoen I og II,	F2, S2	Ikkje aktuelt	Skredsikkert	
Luster							
1987001	O	Dale	Stor plan som omfattar både bustadfelt, kyrkje, butikkar, campingplass, Luster oppvekstsenter og Luster omsorgsenter. Det er 12 ubygde bustadtomter i byggefeltet Bringebakkane. Delar av planen er erstatta av Solstrand, Ekservollen, Kvåle kraftverk, Fossen, Kvitevollen, Dale sentrum.	Bustad F2, S3 Oppvekstsenter F2, S3 Omsorgsenter F3, S3	Ubebygd tomt 10 ligg 27 m frå bekkefar, tomt 11 har bekk i eigedomsgrensa.	Dei ubygde tomtene 1 og 2, det meste av tomt 3 og 4, tomt 6, tomt 9 og 10 og 11 og 12 ligg innafør skredfarleg område. Fleire andre eksisterande bustadhus ligg innafør skredfarleg område (S2). Det same gjeld barnehagen og barneskulen og delar av nytt samfunnsbygg. Heile Luster omsorgsenter ligg i skredfarleg område (S3 5000 års skred)	
2000001	P	Massedepot Sage kraftstasjon	Utbygd		Går elv gjennom området, men det er berre kraftstasjonen innafør planområdet.	Kraftstasjon ligg innafør aktsemdskart for snø og steinsprang og delvis innafør jord og flaumskred.	
2002004	O	Ekservollen mm	Friområde ved fjorden, busslomme og landbruk - utbygd Erstattar deler av Dale	F1	Naust ligg innafør område for havnivåstigning	Ikkje aktuelt	
2004004	P	Solstrand, gnr. 30, bnr. 12	Hytter og bustadhus. Utbygd. Erstattar deler av Dale Deler av planen er erstatta av plan-ID 2010009	F2, S2	Deler av planen ligg innafør område for havnivåstigning.	Dei fleste bygga ligg i skredfarleg område.	
2009001	P	Steinbrot Sausskreda	Arbeid har starta	Ingen bygg	Går elv gjennom området, men det er ikkje bygg innafør planen.	Ligg innafør aktsemdskart for snø og steinsprang, jord og flaumskred.	
2009002	P	Kvåle kraftverk	Utbygd Erstattar deler av Dale	F2, S2	Bustadhus ligg ca. 30 m frå elva.	Bustadhus ligg innafør S2.	

2009005	P	Kvitevollen	Bustadområde med 9 bustadtomt der tre er bygd. Erstattar deler av Dale.	F2, S2	Ikkje aktuelt	Dei fem ubygde tomtene ligg innafør skredfarleg område.	
2010009	P	Solstrand detaljregulering N/H2	Mindre område for naust og utleigehytter Utbygd Erstattar delar av Solstrand	F2, S2	Grenser mot F2	Bygga ligg i skredfarleg område.	
2011006	K	Dale sentrum	Omfattar butikk og bakeri mm. Utbygd. Eit område, BS1 er ikkje utbygd. Erstattar deler av Dale.	F2, S2	Alle bygg og veg ligg ovanfor 1000 års flaum	Skredsikkert.	
2012004	O	Fossen	Erstattar deler av Dale Fire bustatomter, 3 utbygd	F2, S2	Næraste bustadhus ligg 15 m frå og nokre meter høgre enn ein bekk.	Det meste av dei fire tomtene ligg skredfarleg til.	
Høyheimsvik							
2004001	P	Orrhaug, Nes	Bustadfelt med 8 tomter, utbygd.	F2, S2	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	
2007002	O	Høyheimsvik	Stor plan med bustadhus, hytter, campingplass, butikkar. 5 ubygde tomter Erstattar eldre plan over same området	F2, S2	Kai med lager og utleigehytter ligg utsett til for stormflo.	Dei ubygde tomtene 2, 4 og 5 ligg innafør skredfarleg område.	
2010004	P	Lille Høyheim	Steinbrot. Starta.		Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	
2010005	P	Neshøgdi	Bustadfelt, 12 tomter. Nesten heilt utbygd	F2, S2	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	
Gaupne							
1974001	O	Røslebakkane – nedre	Bustadfelt, utbygd Delar erstatta av Gaupne kyrkjegard og Rassikring Røslebakkane 2007004	F2, S2	Ikkje aktuelt	Skredsikkert	
1974002	O	Røslebakkane – øvre	Bustadfelt, utbygd Deler er erstatta av Rassikring Røslebakkane 2007004	F2, S2	Ikkje aktuelt	Skredsikkert	
1984001	O	Gaupnegrandane	Industriområde/forretning/kontor. Det er enno att ubygde tomter. Heile stripa mot Jostedøla vart unnateke eigendokjening og er ikkje regulert. Deler erstatta av Gaupne sentrum og Gaupnegrandane-Engjadalselva 2016002	F2, S2	Flaumutsett Ligg på kote 2	Skredsikkert	Den uregulerte/ikkje utbygde delen av området mot elva Jostedøla er ikkje vurdert til å vera av nasjonal/regional interesse. Det er bygd elveforbygging mot elva. Utbygging i nedre del av Engjadalselva

							som regulert vil øydelegge lokalt viktig brakkvannsdelta
1984003	O	Sandvik Nord	Bustadfelt - utbygd	F2, S2	Ikkje aktuelt	Nokre tomter/hus ligg heilt eller delvis skredfarleg	
1984004	O	Sandvik Sør	Bustadfelt og camping – utbygd	F2, S2	Campingen ligg på kote 3	Nokre tomter/hus ligg heilt eller delvis skredfarleg	
		Sandvik sør - utbyggingsplan					
1987005	O	Tvingeborgneset	Bustadfelt - utbygd	F2, S2	Ikkje aktuelt	Nokre tomter/hus ligg heilt eller delvis skredfarleg	
1987003	O	Røneidsgrandane	Industriområde. Enno mange ledige tomter. Delvis erstatta av turveg Gaupne-Marifjøra og Gaupne brannstasjon	F2, S2	Flaumutsett Ligg på kote 2	Utbygde areal ligg for det meste skredsikkert, men ubygd område mot FV 55 er no definert som skredfarleg	Den ikkje utbygde delen av området langs elva er ikkje vurdert til å vera av nasjonal/regional interesse. Det er bygd elveforbygging mot elva. Vidare utfylling som regulert vil øydelegge lokalt viktig brakkvannsdelta.
1991001	O	Gaupne kyrkjegard	Kyrkja med kyrkjegard. Utbygd. Erstattar deler av Røslbakkane nedre	F2, S3	Ikkje aktuelt	Skredsikkert	
1992001	O	Gardavegen og Kronstadvegen	Utbygd				
1995001	O	Gaupne 1 – Bruflat	Bustadfelt – utbygd.	F2, S2	Flaumutsett. Ligg på kote 4 rett bak elveforbygging.	Skredsikkert	
		Bruflat II – utbyggingsplan					
1998002	O	Gaupne sentrum	Barneskule, idrettshall, bustadfelt, idrettsanlegg – utbygd Delar erstattar Gaupnegrandane, Bruflat 1, Grandmo 6, Øyagata 25	F2, S3	Flaumutsett. Ligg på ca. kote 3	Skredsikkert	
1998004	O	Øyagata Nord	Omsorgsenter/sjukeheim, bustadfelt - utbygd	F3, S3	Flaumutsett, Sjukeheimen mm ligg på kote 2-3	Skredsikkert	

2002002	O	Verket	Bustadfelt - utbygd	F2, S2	Flaumutsett. Ligg på kote 2-3	Skredsikkert	
2002003	O	Haugane	Bustadfelt - utbygd	F2, S2	Ikkje aktuelt	Skredsikkert	
2007001	O	Gangveg Gaupne	Utbygd				
2007004	O	Rassikring Røslbakkane	Ei bustadtomt med i planen – utbygd Delar erstattar Røslbakkane øvre og nedre,	F2, S2	Ikkje aktuelt	Skredsikkert/sikring	
2008004	P	Bukti	Bustadfelt med einebustadtomter, rekkehus og barnehage - utbygd	F2, S3	Deler av bustadfeltet er flaumutsett. Barnehagen ligg flaumsikkert på 8 moh	Skredsikkert	
2009004	O	Gaupne sentrum	Kjøpesenter, Lustrabadet, ungdomsskule, mindre blokker - utbygd Erstatter deler av Gaupne sentrum 1998002,	F3, S3	Flaumutsett	Skredsikkert	
2009007	O	Engjadalsvegen nedre del	Utbygd				
2011001	O	Ambulansegarasje	Utbygd Erstatter deler av Gaupne sentrum	F2, S2	Flaumutsett, kan ikkje hevast	Skredsikkert	
2011002	P	Verket 2	Bustadfelt med einebustader og mindre blokker. Deler er utbygd, fire ledige einebustadtomter og områda BK2, BB3 og BB4 er ikkje utbygd.	F2, S2	Flaumutsett, heile området er heva til kote 3,5	Deler av område for blokker, BB3 og BB4 ligg innafor skredsone S2.	
2011003	P	Salen	6 einebustadtomter. Ikkje utbygd	F2, S2	Ikkje aktuelt	Skredsikkert	
2011010	O	Turveg Gaupne-Marifjøra	Under bygging		Ikkje aktuelt	Svært skredutsett om vinter/vår og vert ikkje brøyta og skal skiltast om dette.	
2012002	P	Jostedalen serverpark	Utbygd	F2, S2	Ikkje aktuelt	Ligg innafor aktsemdsområde skred, stein, snø, jord, flaum	
2012005	P	Bruflat 1 (Barnehagetomta)	Mindre bustadblokker, utbygd Erstatter deler av Gaupne sentrum	F2, S2	Flaumutsett, heile området er heva til kote 3,5	Skredsikkert	
2012006	P	Gardavegen 20	Mindre bustadblokk	F2, S2	Ikkje aktuelt ligg 8 moh	Skredsikkert	
2015001	P	Grandmo 6	Fire bustadtomter, ei er utbygd Erstatter deler av Bruflat 1	F2, S2	Flaumutsett, heile området er heva til kote 3,5	Skredsikkert	

2015003	P	Røslerbakkane 83-1	Bærplukkarbustader og bustad - utbygd	F2, S2,	Ikkje aktuelt	Skredsikkert	
2015006	P	Øyagata 25	Mindre bustadblokk, utbygd Erstatter deler av Gaupne sentrum	F2, S2	Flaumutsett, heile området er heva til kote 3,5	Skredsikkert	
2016002	O	Gaupnegrandane - Engjadalselva	Industriområde, friluftsområde. Enno att ledige tomter. Erstatter deler av Gaupnegrandane frå 1984.	F2, S2	Industribygg ligg i flaumutsett område	Heile området er skredsikkert	
2017001	O	Gaupne brannstasjon	Utbygd Erstatter deler av Røneidsgrandane	F3, S3	Ligg sikkert for havnivåstigning, men innafor område for 500 års flaum (utan 20% klimapåslag). Har alternativ, sikrere tilkomst	Sjølve bygget ligg skredsikkert.	
Jostedal							
1998001	O	Haugåsen	Bustadfelt – det meste er utbygd men det er att 6 ledige tomter	F2, S2	Ikkje aktuelt	Skredsikkert	
1998002	O	Nigardsgrandane	Breheimsenteret - besøkssenter	F2, S2	Ikkje aktuelt	Skredsikkert	
2010001	P	Hyttefelt ved Espe	27 hyttetomter, ei er utbygd Erstatter plan med same namn	F2, S2	Ikkje aktuelt	Dei fleste tomtene ligg innafor skredfarleg område	
2003001	O	Leirdalsvegen	Utbygd		Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	
2013004	O	Omregulering av Jostedal eldresenter	Ombygging av eldresenter til rekkehus. Utbygd. Erstatter delar av Haugåsen	F2, S2	Ikkje aktuelt	Skredsikkert	
2014002	O	Tunsbergdalsdammen	Utbygd		Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	
2015004	O	Motorsportsenter Leirmøygarden	Ikkje utbygd	F1, S2	Ikkje aktuelt	Bygg ligg utafor aktsemdsområde skred	
Indre Hafslo							
1997001	O	Josvanger	Barneskule, barnehage og grendahus Utbygd	F2, S3	Ikkje aktuelt	Skredsikkert	

1999002	O	Marifjøra	Bustader og hotell 14 ubygde bustadtomter i nytt felt over det gamle sentrumet	F2, S3	P2 og kai utsett for havnivåstigning/stormflo	Fleire tomter/ bygd ligg innafør aktsemdsområde skred	Bustadfeltet skal jfr. kommunen sitt planleggingsprogram regulerast på nytt. Fare for ras må vurderast ved oppstart.
2006002	P	Steinbrot Lie	Utbygd		Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	
2011004	O	Marifjøra - sentrumsområdet	Bustader og lager, utbygd Erstatter deler av Marifjøra	F2, S2	Utsett for havnivåstigning/stormflo	Nokre bygg og nye tomter ligg innafør aktsemdsområde snø- og steinsprang	
2017002	O	Lundshaugen	Omregulert med ei ny, utbygd tomt Erstatter eldre plan	F2, S2	Ikkje aktuelt	Skredsikkert	
Hafslo							
1978001	O	Beheim	Bustadfelt. Dei fleste tomtene er utbygd.	F2, S2	Ikkje aktuelt	Store deler av feltet ligg innafør aktsemdkart jord og flaumskred.	
1984002	O	Hafslo sentrum	Bustad, forretning mm. Utbygd Deler erstatta av Hafslo sentrum – felt HB. Delar erstatta av Hafslo-skuleområdet, Beheim 2	F2, S2	Ikkje aktuelt	Nordlege deler ligg innafør aktsemdkart jord og flaumskred.	
1987002	O	Galden Nord	Bustadfelt. Utbygd Delar erstatta med hjortetrekke Galden	F2, S2	Ikkje aktuelt	Nokre tomter ligg innafør aktsemdkart snø og steinskred.	
1987004	O	Samleområde for pelsdyr, klokkargarden	Utbygd	F1, S1	Ikkje aktuelt	Skredsikkert	
1989001	O	Hestnes	Bustadfelt. Utbygd. Delar erstatta av Hestnes-endring, Hestnes-busslomme, Hestnes grend C-mindre endring, Hillestad traktorservice	F2, S2	Ikkje aktuelt	Nokre tomter ligg innafør aktsemdkart snø og steinskred.	
1992003	O	Stolpen – Sterri	Gangveg – utbygd.				
1995002	O	Gang/sykkelveg Stolpen – Hafslo sentrum	Omfattar også Hafslo omsorgssenter Erstatter delar av Hafslo sentrum. Delar erstatta med endring Hillestad	Omsorgs-senter F3, S3	Omsorgssenteret ligg flaumsikkert	Omsorgssenteret ligg rassikkert	
1995005	P	Gnr 153, bnr 22 – utbyggingsplan	Hyttefelt med ei bygd og 8 ledige tomter	F2, S2	Ikkje aktuelt	Skredsikkert	Er vurdert ikkje vera i konflikt med nasjonale/regionale interesser.
		Hamragåta hyttefelt –	Sjå utbyggingsplan plan-ID 2007003				

1999001	O	Hestnes grend A og B – utbyggplan	Bustadfelt - utbygd		Ikkje aktuelt	Skredsikkert	
2002005	O	Hestnes-endering	Bustadtomter, utbygd Delar erstattar Hestnes	F2, S2	Ikkje aktuelt	Skredsikkert	
2003002	O	Hafslo sentrum – felt X	Bustad-forretning - utbygd Delar erstattar Hafslo sentrum	F2, S2	Ikkje aktuelt	Skredsikkert	
		Hestnes, grend D – utbyggingsplan					
2004003	O	Moane	Fotballbanar, hytter. Friluftsområde. Utbygd	F2, S2	Fem hytter ligg lågt i forhold til vatnet.	Skredsikkert	
2004005	O	Hestnes, grend C – utbyggingsplan	Bustadfelt, utbygd	F2, S2	Ikkje aktuelt	Nokre tomter ligg innafor aktsemdkart snø og steinskred.	
2005002	O	Krekavegen	Utbygd				
2005004	O	Hafslo sentrum-felt HB.	Dobbel bustadtomt - utbygd Erstattar deler av Hafslo sentrum	F2, S2	Ikkje aktuelt	Deler ligg innafor aktsemdkart jord og flaumskred.	
2007003	P	Hamragåta hyttefelt utbyggingsplan	Hyttefelt med 17 tomter 3 bygd, 14 ubygd	F2, S2	Ikkje aktuelt	Tre utbygde og fire andre tomter ligg innafor aktsemdkart snø og steinskred.	Ingen nasjonale eller regionale interesser i området
2007005	O	Endring Hillestad	1 bustadtomt og parkering - utbygd Erstattar delar av gang/sykkelveg Stolpen-Hafslo	F2, S2	Ikkje aktuelt	Ligg innafor aktsemdkart jord og flaumskred.	
2007006	O	Hestnes – felt E	Bustadtomter, utbygd Erstattar deler av Hestnes	F2, S2	Ikkje aktuelt	Skredsikkert	
2008003	O	Hafslo – skuleområdet	Barne- og ungdomsskule, samfunnsbygg, hotell, bustader mm - utbygd Erstattar delar av Hafslo	F2, S3	Det går bekk gjennom planområdet	Skredsikkert	
2008006	P	Solsida hyttefelt	Hyttefelt - Ca. 40 ubygdde hyttetomter	F2, S2	Lite aktuelt, to tomter grenser mot mindre bekk (ca. 20 m frå)	Store deler ligg innafor aktsemdkart snø, stein, jord og flaumskred.	Ligg i utkant av Hafslo-bygda - verdifulle kulturlandskap, men er ikkje synleg frå Hafslo. Ligg innafor svært viktig friluftsområde, men skiinteressene er teke omsyn til. Ikkje i konflikt med andre kjende

							nasjonale eller regionale interesser.
2008007	P	Heggmyrane hytteområde – utbyggingsplan	Hyttefelt. Ca. 40 ubygde hyttetomter Erstatter delar av Heggmyrane	F2, S2	Ikkje aktuelt	Skredsikkert i aktsemdkart snø, stein, jord og flaumskred.	Same omsyn som over.
2008008	O	Endring Hestnes (busslomme)	Busslomme – utbygd Erstatter delar av Hestnes		Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	
2009003	P	Alme bustadfelt	Lite bustadfelt, to ledige tomter	F2, S2	Ikkje aktuelt	Skredsikkert.	
2009006	O	Hafslo næringsområde	Næringsområde – ikkje utbygd Erstatter Industriområde på Galden. Deler er erstatta av Hafslo næringsområde - endring	F2, S2	Ikkje aktuelt	Ein liten del av området ligg innafor aktsemd snø- og steinskred.	
2009010	O	Galden nord – omregulering hjortetrek	Friområde, ballbinge - utbygd Erstatter delar av Galden	F1, S1	Ikkje aktuelt.	Skredsikkert.	
2010007	O	Beheim 2	Stort bustadfelt. Utbygging har starta men enno mange ledige tomter	F2, S2	Ikkje aktuelt	Deler av området ligg innafor aktsemd jord- og flaumskred	
2011007	P	Flatane bustadfelt	Mindre bustadfelt – ikkje utbygd	F2, S2	Ikkje aktuelt	Skredsikkert	
2012003	O	Hestnes grend C- mindre endring	Omregulert nærleikeplass til bustad. Erstatter delar av Hestnes		Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	
2012007	O	Hafslo næringsområde - endring	Næringsområde – for det meste utbygd Erstatter delar av Hafslo næringsområde plan-ID 2009006	F2, S2	Ikkje aktuelt	Deler ligg innafor aktsemdsområde snø og steinskred.	
2013005	O	Heggmyrane -sentrale deler	Område for ski med servicebygg og nokre få hytter – det meste er utbygd Erstatter Heggmyrane frå 2002 skisenter,	F2, S2	Flaumskred ligg med faresone i plan	Servicebygg ligg skredsikkert	
2013006	P	Modvoheisen	Skitrek - utbygd		Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt	
2016004	P	Botn	Stort bustadfelt med einebustadtomter og tettare utbygging. Er under etablering/utbygging.	F2, S2	Mindre aktuelt, går ein mindre bekk gjennom området	Aktsemdkart for snø og steinskred omfattar tre tomter. Store delar av området ligg innafor aktsemd jord og flaumskred	
2016005	O	Hillestad traktorservice	Lite industriområde – ikkje utbygd Erstatter delar av Galden nord plan-ID 1987002	F2, S2	Ikkje aktuelt	Skredsikkert	

2016006	P	Sandal	Mindre bustadblogg, utbygd	F2, S2	Ikkje aktuelt	Skredsikkert	
Solvorn							
1986001	O	Løteigane	Bustadområde, barneskule - utbygd	F2, S3	Ikkje aktuelt	Skulen ligg skredsikkert, nokre bustadhus ligg innafor/i grensa for S2 skred.	
1995007	O	Solvorn	Større plan over sentrum, hotell, utbygd	F2, S3	Går større bekk gjennom området. Deler ligg i område for havnivåstigning/stormflo	Hotella og dei fleste bustadhusa ligg skredsikkert,	
2005003	O	Borhaug	Bustadområde – under utbygging med 13 ledige tomter	F2, S2	Går bekk på nordsida av område, hus ligg ca 17 m frå bekk.	Skredsikkert, jfr. skredfaresoner frå 2015	
Veitastrand							
1985001	P	Langaneset	Hytteområde, utbygd	F2, S2	Ikkje aktuelt	Ligg innafor aktsemdsområde snø og steinskred.	
2011008	O	Buskredene – rassikring veg	Utbygd				
2013003	O	Bjørnebakkane-Lindeskredene – rassikring veg	Utbygd Erstattar plan med same namn				
Sørsida							
1997002	O	Ornes	Stor plan over heile Ornes – formål er bevaring av kultur og naturlandskap	F2, S2	Ikkje aktuelt	Størstedelen av området er skredsikkert.	

DEL III RETNINGSLINJER

12. Retningslinjer

Retningslinjene er ikkje juridisk bindande, men er kommunestyret sitt råd og føringar til administrasjon og politiske utval ved forvaltning og handsaming av einskildsaker og plansaker.

12.1 Omsynssoner – retningslinjer jf. PLBL § 11-8, c

Omsynssoner der det er gjeve retningslinjer om avgrensingar av verksemd og vilkår for å ta vare på interessa i sona.

12.1.1 Omsynssone villrein H520

Føremålet er å hindra at leveområde og levekår for villreinstammene i Luster vert forringa.

a. Omsynssona er samanfallande med framlegg til «Regional plan Ottadalsområdet» og omfattar desse arealkategoriene:

- Sone A1 – Nasjonalt villreinområde
- Sone E – Utvekslingsområde villrein
- Viktige trekkområde

Retningslinjer i regional plan gjeld for området.

<https://static1.squarespace.com/static/530364efe4b0c37a4004ec79/t/57443dd12b8dde05e8959ed0/1464090084385/Planrapport+Ottadalsomr%C3%A5det.pdf>

b. Omsynssona omfattar leveområde for villreinstamme i vest-Jotunheimen. Desse retningslinjene gjeld for dette området:

- Tiltak bør vera heimla i reguleringsplan
- Alle søknader om dispensasjon skal sendast Villreinnemnda og Villreinutvalet til uttale før avgjerd.
- Mindre tiltak, medrekna inntil 15 m² BRA utviding på eks. hytter kan godkjennast utan reguleringsplan
- Motorferdsel i utmark bør avgrensast med ein restriktiv praksis for tildeling av løyve
- Løyve bør organiserast som leigekøyring i faste trasear
- Organisert ferdsel og guida turar bør leggjast utanom viktige funksjonsområde for reinen

12.1.2 Omsynssone friluftsliv H530

Omsyn til friluftsliv skal sterkt vektleggast ved handsaming av eventuelle tiltak/aktivitet i dei merka områda. Dette er område med særlege friluftsliv- og naturkvalitetar og er viste på planen som omsynssone, for å skjerma området for tiltak som kan øydeleggja for opplevingsverdiane og biologisk mangfald i områda. Luster kommune har i gjennomført registreringar for heile kommunen som gjeld viktige område for friluftsliv. Desse er gradert frå A til D ut i frå kor viktige dei er. Alle område med høgast verdi, A-klassifiserte område er vist i planen som omsynssone friluftsliv.

Nokre område er viktige turistattraksjonar som er spesielt mykje nytta av tilreisande, og definert som A-område.

Mykje nytta og sentrumsnære turvegar utan biltrafikk er også teke med, sjølv om desse har lågare klassifisering enn A. Det same gjeld mykje nytta, lengre turstiar som er ein del av ein rundtur eller som fører til viktige turområde.

Nasjonal turiststi Breheimsenteret – Brefonten, Nigardsbreen er lagt inn jfr godkjenning gjennom «Autorisasjonsordning for Nasjonale turiststiar.»

12.1.3 Omsynssone kulturminne og kulturmiljø. H570

Planen viser utvalde kulturmiljø som:

- Har bevaringsstatus/vernestatus gjennom reguleringsplan

- Bevaringsverdig kulturmiljø som ikkje er regulert eller med i kommuneplan frå 2008.

Det bør ikkje tillatast tiltak som kan skada eller redusera kulturminneverdiane i områda.

Oppstillinga under skal reviderast og supplerast når kulturminneplan for Luster kommune er revidert.

Retningslinjer for omsynssoner vert fastsett i kulturminneplanen.

Flahamar: Omsynssona skal ta vare på verknaden av hovudhuset på Flahamar i omgjevnadane og ta vare på siktlinjene mellom huset og fjorden

Skjolden sentrum – Omsynssone som særskild omfattar bygningar knytt til historia om den verdskjende filosofen Ludwig Wittgenstein og bygningar i sentrum som er knytt til han og hans verksemd i Skjolden.

Område med bevaringsstatus/vernestatus gjennom reguleringsplan:

Område regulert til spesialområde kulturminnevern	Dokument førande for forvaltning av områda
H570_01 Ornes, området rundt stavkyrkja og ved kaia	Reguleringsplan og forvaltningsplan
H570_02 Solvorn, strandsitjarmiljø	Reguleringsplan og forvaltningsplan
H570_03 Urdi, Høyheimsvik, gardsmiljø	Reguleringsplan Høyheimsvik
H570_04 Dalsdalen, kulturlandskap, steinhus	Reguleringsplan Sage kraftverk
H570_05 Marifjøra, naust og sjøbu	Reguleringsplan Marifjøra sentrum
H570_06 Heggmyrane, tre separate kulturlandskapsområde	Reguleringsplan Heggmyrane

Bevaringsverdig kulturminne og kulturmiljø jfr PLBL § 11-8 c (ikkje regulert):

Høgdegardar H570_07 Fuglesteg og Furåsen med tilkomst, Fortun H570_08 Skåri, Mørkridsdalen	Gardstun, bygningar: H570_31 Berget, Jostedalen H570_32 Steinstova, Fåberg H570_33 Gardstunet Berge (Gnr. 12, Bnr. 1) i Fortun
Husmannsplassar: H570_9 Stuaflåten , Mollandsmarki H570_10 Hestaskårane, Luster H570_11 Fluga, Hafslo	Stølar: H570_41 Navarsete – Heggdalen, Gaupne H570_42 Øvste Stølsdalen, Fortunsdalen H570_43 Kringla, Dalsdalen
Kulturlandskap: H570_21 Munthehuset med kulturlandskap, Kroken gard H570_22 Dalsdalen i Luster, stølsområde H570_23 Mølla og saga i Feiga (mølla/saga, turstien til fossen), Sørsida H570_24 Svendsøystølen, Fortunsdalen, steinmurar	Gamle ferdseveggar: H570_51 Kongevegen frå Årøy (grense Sogndal) til Hestnes H570_52 Gamlevegen Galden – Solvorn H570_53 Kongevegen frå Hafslo til Marifjøra H570_54 Gamlevegen Sperla – Jostedal prestegard H570_55 Gamlevegen frå Kvålsviki til Ottum, Luster H570_56 Varderekka og gamlevegen Turtagrø, Sognefjellet, grense Lom
Område kring freda kulturminne H570_61 Flahamar	Sentrumsområde med historisk interesse H570_71 Skjolden sentrum
NVE - listeførte kulturminne H570_81 Soget – strekninga mellom Veitastronds-vatnet og Hafslovatnet H570_82 Dammen i Gravdalen	

12.2 Vassmiljø

Vassførekomstar (elvar, bekkar, innsjøar, kystvatn) skal nå miljømåla som er satt i den regionale vassforvaltninga.

Ny arealbruk skal ikkje gjera tilstanden av vassførekomstar (elvar, bekkar, innsjøar, kystvatn) verre. Der det er mogeleg skal nye bygg og ny arealbruk bidra til at miljømål vert nådd.

12.3 Retningslinjer for handsaming av dispensasjonssøknader i LNF-område

Vilkår for dispensasjon følgjer av PLBL §19-2. Innanfor rammene av PLBL§19-2, skal fylgjande retningslinjer gjelde for sakshandsaming av dispensasjonssøknader

Generelt

«Kjerneområde landbruk» er dei areala i kommunen som er viktige for to av landbruket sine sentrale samfunnsoppgåver:

- Matproduksjon
- Jordbruket sitt kulturlandskap

Retningslinjene under skal spesielt gjeld i desse områda.

«Kjerneområde landbruk» er under revisjon og er forventa ferdig handsama i 2020. Desse skal handsamast politisk og skal erstatta eksisterande område.

Nyetablering i LNF-område, bør ikkje skje i strid med viktige særlover og særinteresser som landbruk, friluftsliv, biologisk mangfald, kulturminne eller vassforsyning. Det bør ikkje frådelast / byggjast på:

- dyrka /overflatedyrka mark,
- samanhengjande innmarksbeite
- ikkje nærare driftsbygning (i tradisjonell drift) enn 100 meter

Det bør heller ikkje frådelast/byggjast slik at det skaper auka trafikk gjennom gardstun.

Tomter til spreidd bustadbygging kan være inntil 1 dekar. Noko større bustadtomter kan likevel vere verkemiddel for å stimulere til busetjing i bygdene, og i område der folketalet går attende.

Hyttetomter bør normalt avgrensast til om lag 0,5 daa.

Bustader og hytter skal vera tilpassa landskapet, fylgja god byggeskikk og tilpassast byggeskikken til nærliggjande bygningar. Frådeling av tomter må ikkje føra til vesentlege driftsmessige eller miljømessige ulemper for jordbruksdrifta.

Dispensasjon for frådeling av tomter til spreidd bustadbygging og bygging til mindre næringsføremål bør prioriterast i dei fire områda Sørsida, Fortun, Jostedalen og Veitastrond. I bygder med område regulert for bustadbygging bør det som hovudregel ikkje opnast for spreidd utbygging.

Vilkår for dispensasjon.

- a. Tiltaket omfattar inntil 2 bueingar eller 1 hytte
- b. Tiltaket, inkludert vegtilkomst, skal ikkje medføre vesentleg tap av dyrka jord
- c. Tomt, bygningar og tilkomstveg skal plasserast og utformast slik at det ikkje fører til vesentlege ulemper for landbruksdrift eller annan næring
- d. Det må dokumenterast godkjent og forsvarleg løysing for vassforsyning og avløp
- e. Tomter skal ikkje frådelast nærare enn 30 meter frå vassdrag
- f. Det skal ikkje gjevast løyve til tiltak som kjem i konflikt med verdifulle kulturminne eller forstyrar heilskapen i verdifulle kulturlandskap
- g. Ved frådeling skal alternativ plassering av tomt vurderast
- h. At vilkåra i PLBL §19-2 for å gje dispensasjon er oppfylte
- i. Bustader bør lokaliserast nær eksisterande busetnad og offentleg veg.
- j. Avløp, vassforsyning, avkøyrsløse og tilkomstveg skal vera løyst i medhald av gjeldande regelverk
- k. Driftsbygningar i landbruket som er nytta til tilleggsnæring (t.d. utleiehytter), bør ikkje frådelast eigeidomen.

- l. Det kan tillatast bruksendring av eksisterande driftsbygningar i LNF-område med føremål tilleggsnæringar i jordbruket.
- m. Fritidshusvære: Det bør ikkje gjevast løyve til bygging av fritidsbustader i stølsområde med opphavleg preg.
- n. Luft og støyureining: Etablering av spreidd næring må ikkje føra til skjemmande ureining som røyk, lukt og støy for bustader i nærområdet. Industribbygg skal visast til eigne industriareal i kommunen.

12.4 Krav til dokumentasjon i søknad:

- a. Dokumentasjon på at området er trygt for skred/flaum
- b. Løysing for vassforsyning og avlaup som skal vera i medhald av gjeldande regelverk
- c. Detaljert utomhusplan utarbeidd av fagkunnige, som syner tomtedeling, plassering og hovudform på bygningen

12.5 Ålmenne interesser

Byggetiltaka må ikkje hindra fri ferdsel langs sjø og/eller vassdrag eller på stiar i utmark.

Dei generelle vilkåra for tiltak langs vatn og vassdrag skal også gjelda ved spreidd bustad og fritidsbygg, under dette også reglande om ein byggeavstand på min. 30 meter frå vatn og vassdrag. Dette gjeld ikkje der det er offentleg veg mellom bygning og strandlinja. Denne sona skal ivareta interesser knytt til:

- Flaumtryggleik
- Vegetasjonsbelte
- Friområde

12.6 Kulturminne og kulturmiljø. PLBL §11-9 nr.7. Kulturminnelova

Omsyn til kulturminne og kulturmiljø skal inngå i all planlegging og alle byggesaker.

I plan- og byggesaker som gjeld freda kulturminne, område regulert til spesialområde kulturminnevern eller ståande bygningar frå før 1850, skal det hentast uttale frå kulturminnestyresmakter.

13. Oppfylgjande planoppgåver

Med utgangspunkt i arealdelen skal desse planoppgåvene løysast i perioden fram til neste revisjon jf. årleg handsaming av planprogrammet:

Oppgåve	Oppfølging	Merknad
Sentrumsstruktur og trafikkale løysingar Gaupne sentrum	Kommunedelplan med arealdel	Oppfølging stadanalyse
Badeplass, friområde og småbåthamn Engjadalselvi	Reguleringsendring	Oppfølging stadanalyse
Byggeområde Hafslo	Landskapsanalyse Hafslo	
FV 55 – Gaupne – Skjolden	I tilknytning til arbeid med Sognefjellstunnelen bør det i planperioden skisserast alternative vegtrasear med mogelege tunnelloysingar for RV 55 i Luster. Bakgrunn for dette er at utvidingar av vegen i full breidde vil redusera muligheiter for busetnad, landbruk og reiseliv på strekninga med utgangspunkt i topografien i området.	
Harastølen	Område bandlagt for regulering. Det bør gjerast ei totalvurdering av kulturverdiar ved oppstart av reguleringsplan	Søkt forlenging av bandlegging 2019 - 2023
Parkering Solvorn	Reguleringsendring	Langs Fv 338 frå Gamlevegen/Vetlevegen til «Gata»
Kjerneområde for landbruk og kulturlandskap	Revisjon av områda Det skal vurderast tiltak som stimulerer til nydyrking i kommunen.	Utarbeidd i 2006. Revisjon er starta. Ferdig 2019/20
Viktige friluftsområde	Luster kommune har registrert og utarbeidd eit kart over alle friluftsområde i kommunen; www.kommunekart.com . Område med høgst verdisetting i registreringa er vist som omsynssone friluftsliv i kommuneplanen. Ny kartlegging av ferdsselsårene i friluftslivet bør gjerast i 2019-2020 og innarbeidast i omsynssone friluftsliv ved neste revisjon av KPA	Registrert i 2014. Ferdig kartgrunnlag i 2018/2019 Ny rettleiar for friluftsliv frå Miljødirektoratet « Plan for friluftslivets ferdsselsårer » som peikar på viktigheita av fysisk aktivitet og oppleving av natur i kvardagen. Fokus i kartlegginga var å ta vare på områda, medan ferdsselsårer og samanhengen mellom areal hadde mindre fokus. Ny rettleiar set fokus på at kommunen må gjera seg kjend med kva ferdsselsårer dei har, kva behov dei dekker og korleis dei kan utviklast på ein berekraftig måte for å skape meir aktivitet.
Utfartsområde	Tilretteleggja for parkering og evt. opparbeiding av stiar i viktige utfartsområde: <ul style="list-style-type: none"> • Kilen; utviding av p-plass • Grandfasta/Ormelid-Stølsdalen: utviding p-plass • Sognefjordsvegen; opparbeiding av einskilde strekningar 	Tiltaka bør takast inn i kommunedelplan for idrett- og friluftsliv.

	<ul style="list-style-type: none"> • Vurdera område/løyper som er aktuelle å tilretteleggja for terrengsykling 	
Hytteområde, Engjadalen	Avklara aktuelt byggeområde i Engjadalen / Brunestegen med grunneigarar	Jfr arbeidet med KPA kan det vera aktuelt at interessentar kan starta direkte med reguleringsplan
Fortettingsstrategi Gaupne	Potensialet for fortetting i Gaupne skal vurderast nærare.	

Vedlegg: Oversikt utbyggingsområde i revidert plan 2018 - 2029

Bustadfelt i revidert arealdel som ikkje regulert:

Stad/feltnamn	Daa	Tal tomter/ bueiningar
Gaupne, Grindane 1	16	40
Gaupne, Grandmo (omregulering)	24	56
Gaupne, Haugen	9	22
Gaupne, Grindane 2	23	55
Hafslo, Billagstomta, (sentrumsfunksjon/bustad)	8	8
Hafslo, Flatane	5	3
Hafslo, Krabben/Flatane – delvis regulert		
Hafslo, Mohaugane	3	4
Hafslo, Prestegarden	52	50
Hafslo, Solbakken	5	7
Indre-Hafslo, Marifjøra/Marheim	32	30
Indre-Hafslo, Vinda	29	32
Jostedal, utviding byggefelt	8	4
Sørsida, Ornes, Bakkane (omregulering)	36	20

LNF-område for spreidd bustadbygging i revidert plan

Stad/område	Daa	Hus
Joranger, Indre Hafslo		1
Lambhaug, Indre Hafslo		1
Fortun, Drægni	20	5
Indre-Hafslo, Labakkane	9	5
Luster, Dalsdalen	6	3
Sørsida, Låvaneset	10	3

Hyttefelt i revidert arealdel som ikkje er regulert:

Stad/Feltnamn:	Daa
Moane, Hafslo	16
Fortun, Turtagrø H 13	9
Gaupne, Leirdalen,	46
Gaupne, Vassvollane	45
Hafslo, Heggmyrane	1 200
Hafslo, Heggmyrane hyttegrend	23
Hafslo, Hovden	10
Hafslo, Resaland	47
Hafslo, Vetlebaten	35
Høyheimsvik, Vikane	30
Indre-Hafslo, Seljesethovden	10
Mørkridsdalen, A + B	26
Mørkridsdalen, Osen	156
Nes	17
Skjolden, Osen,	5
Skjolden, Fjøsne	21
Sørsida, Låvaneset	17
Veitastrond Felt 1	32
Veitastrond, Vårstølen	10

LNF- område for spreidd hyttebygging i revidert plan

Stad/område	Daa	Hytter
Lømyrane, Dalsdalen	10	3
Myrteigen, Ytre Eikum	5	3
Yngsdalen	14	3
Vassvollane, Engjadalen	0,6	1
Fortun, Gjessingane	5	2
Fortun, Helgedalen	5	2
Hafslo, Heltane	88	3
Indre-Hafslo, Seljesethovden	10	5
Indre-Hafslo, Molland	16	3
Indre-Hafslo, Øyna	11	3
Jostedalen, Einehaugen	82	3
Jostedalen, Elvekrok	12	4
Jostedalen, Myri	155	10
Leirdalen, Leirdalen 1	79	3
Sørsida, Hovland	4	3
Sørsida, Kjøtnes	125	3
Sørsida, Leri	101	3
Sørsida, Sørheim	9	3

Byggeområde – naust i revidert arealdel

Stad/Feltnamn:	Daa
Botn, Hafslo	
Gaupne, Sandvik	
Høyheimsvik	
Sørsida, Kjøtnes	

Byggeområde for sentrumsføremål i revidert plan

Stad/Feltnamn:	Daa
Fortun, sentrum	61

Samferdselanlegg

Stad/Feltnamn:	
Solvorn, p-plass ved kyrkja	1 daa

Byggeområde for næring i revidert plan

Område / felt	Areal daa
Turtagrø	
Veitastrond, Vårstølen, turistverksemd	26
Luster, Hærum, utleigehytter	5
Luster, Markstein	7,5
Sognefjellet sommarskiser	2.400 daa

Område for massedeponi i revidert plan

Område	Areal daa
Indre Hafslo	6

Område for idrettsanlegg i revidert plan

Område	Areal daa
Gaupne, Leirmøyegarden	158

Område for leik/ aktiviteter i revidert plan

Område	Areal daa
Indre Hafslo Aktivitetsområde oppvekstsenter	11
Gjerde, Jostedalen - Badeplass, Flategjordsøyane	73
Kroken, Aktivitetsområde	3

Område for småbåthamner i revidert plan

Område	Areal daa
Solvorn – Alternativ 1 Neset (omregulering)	
Fjøsne	

Båe alternativa - Neset og Vetlekaiaen – vert lagt ut til offentleg ettersyn

Område for råstoffutvinning i revidert plan

Område	Merknad	Areal daa
Gaupne, Aspamo	Sand. Ikkje uttak i dag. Krav om reguleringsplan	
Gaupne, Hausamoen	Sand – ikkje i drift. Ikkje uttak i dag. Krav om reguleringsplan	65
Gaupne, Høgemoen	Sandtak. Ikkje regulert. Må regulerast	122
Gaupne, Leirmøyegarden	Sand, stein. Ikkje uttak i dag. Krav om reguleringsplan	
Gaupne, ur ved Aspamo	Stein. Tidlegare uttak. Krav om reguleringsplan ved vidare uttak	
Hafslo, Krossen	Steinbrot. Ikkje regulert. Må regulerast	22
Indre-Hafslo, Fruli – Hillestadstølen	Stein. Tidlegare uttak. Krav om reguleringsplan ved vidare uttak	
Jostedal, Ur ved Alsmo	Stein. Tidlegare uttak. Krav om reguleringsplan ved vidare uttak	

Område for råstoffutvinning i revidert arealdel – LNF-område

Område		
Sørsida, Leri	Sand. Ikkje uttak i dag.	LNF-område med spreidd hyttebygging

Område bandlagd for regulering i revidert plan

Område	
Flahamarskjæret	
Luster, Harastølen	